

Møteinnkalling

Utval:	Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne
Møtestad:	Fylkesutvalsalen, 3. etasje, Fylkeshuset, Agnes Mowinckelsgt. 5, Bergen
Dato:	20.03.2019
Tid:	09:00

Program

Kl. 09:00 Start

Orienteringar:

Kl. 09:05 Folkehelseundersøking i Hordaland 2018 – resultat og vidare bruk ved Jens Kristian Skogen, Folkehelseinstituttet.

Kl. 09:45 Prosjektet Universell Utforming i Vest 2025 ved seniorrådgjevar Sigrid Bjercke, HFK.

Kl. 10:15 Øygarden tannklinikk ved seniorrådgjevar Ragnhild Aak Skaja, HFK.

Kl. 10:45 Saksbehandling

Kl. 12:00 Lunsj

Kl. 12:30 Saksbehandling held fram til møtet er ferdig

Dersom nokon av utvalet sine medlemmer ikkje kan møta og må melda forfall, vert dei bedne om å gjere dette snarast ved å fylle ut skjemaet på www.hordaland.no/forfall.

Innkallinga gjeld valde medlemmer i rådet for menneske med nedsett funksjonsevne. Ved eventuelt forfall frå faste medlemmer vil varamedlemmer bli kalla inn særskilt.

Kjell Gitton Håland
leiar

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off.
PS 9/19	Godkjenning av møteinnkalling		
PS 10/19	Godkjenning av sakliste		
PS 11/19	Godkjenning av møtebok forrige møte		
PS 12/19	Referatsak (meldingar)		
RS 4/19	Oversikt over økonomi RMNF/drift pr. 31.12.2018	2017/485	
RS 5/19	Møtereferat frå RMNF-AU den 19.02.2019	2017/485	
RS 6/19	Årsmelding 2018 for rådet for menneske med nedsett funksjonsevne	2017/485	
RS 7/19	Strategi for utvikling av skulebibliotek i vidaregåande skule 2017-2020. Status etter to år.	2016/3968	
RS 8/19	Ny tannklinikk på Straume - Øygarden tannklinikk - leigeavtale	2019/897	
RS 9/19	Møtereferat frå møte i brukarmedvirkningsgruppa - Bybanen Byggetrinn 4 Universell Utforming	2017/485	
PS 13/19	Ymse		
PS 14/19	Temadag RMNF 2019 - evaluering	2017/485	
PS 15/19	Ad. Landskonferansen 2019 - fylkeskommunale råd for likestilling av mennesker med nedsatt funksjonsevne	2017/485	
PS 16/19	Ad. oppnemning av vararepresentar til brukarmedverkningsgruppa for Bybanen, Byggetrinn 4 - oppnemning av to nye vararepresentantar	2017/485	

PS 9/19 Godkjenning av møteinnkalling

PS 10/19 Godkjenning av sakliste

PS 11/19 Godkjenning av møtebok forrige møte

PS 12/19 Referatsak (meldingar)



Notat

Dato: 26.02.2019
Arkivsak: 2017/485-83
Saksbehandlar: mernord

Til: Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne

Frå: Fylkesrådmannen

Oversikt over økonomi RMNF/drift pr. 31.12.2018

Vedlagt vert gitt ein oversikt over økonomi/drift for RMNF pr. 31.12.2018.

Vedlagt er også ei kort oversikt over økonomi pr. 31.01.2019.

Sjå vedlegg.

Vedlegg:

1. Oversikt over økonomi for RMNF pr. 31.12.2018.
2. Oversikt over økonomi for RMNF pr. 31.01.2019.

Ansvar	Sted	Art	TOTALT
100320			
100320	10032000	Fylkesrådet for funksjonshemma	
100320	10032000	Fylkesrådet 10620	Kostgodtgjersle, trekkpliktig
100320	10032000	Fylkesrådet 10800	Fast godtgjersle til politisk arbeid
100320	10032000	Fylkesrådet 10810	Møtegodtgjersle politisk arbeid
100320	10032000	Fylkesrådet 10820	Tapt arbeidsforteneste politisk arbeid u/feriepengar
100320	10032000	Fylkesrådet 10990	Arbeidsgjevaravgift
100320	10032000	Fylkesrådet 11000	Kontormateriell
100320	10032000	Fylkesrådet 11150	Beverting/matvarer
100320	10032000	Fylkesrådet 11401	Gåver til representasjon
100320	10032000	Fylkesrådet 11500	Opplæring og kurs
100320	10032000	Fylkesrådet 11610	Kostgodtgjersle, oppgavepliktig
100320	10032000	Fylkesrådet 11701	Reiseutgifter, ikkje oppgavepliktig
100320	10032000	Fylkesrådet 12011	Kommunikasjonsutstyr Kjøp/Leasing
100320	10032000	Fylkesrådet 14290	Utgiftsføring av betalt mva./kompensert
100320	10032000	Fylkesrådet 17290	Kompensert mva.
100320	10032001	Rådsmøter	
100320	10032001	Rådsmøter 10600	Bilgodtgjersle, trekkpliktig
100320	10032001	Rådsmøter 10810	Møtegodtgjersle politisk arbeid
100320	10032001	Rådsmøter 10820	Tapt arbeidsforteneste politisk arbeid u/feriepengar
100320	10032001	Rådsmøter 10990	Arbeidsgjevaravgift
100320	10032001	Rådsmøter 11150	Beverting/matvarer
100320	10032001	Rådsmøter 11600	Bilgodtgjersle, oppgavepliktig
100320	10032001	Rådsmøter 11610	Kostgodtgjersle, oppgavepliktig
100320	10032001	Rådsmøter 11701	Reiseutgifter, ikkje oppgavepliktig
100320	10032001	Rådsmøter 14290	Utgiftsføring av betalt mva./kompensert
100320	10032001	Rådsmøter 17290	Kompensert mva.
100320	10032002	AU	
100320	10032002	AU 10600	Bilgodtgjersle, trekkpliktig
100320	10032002	AU 10820	Tapt arbeidsforteneste politisk arbeid u/feriepengar
100320	10032002	AU 10990	Arbeidsgjevaravgift
100320	10032002	AU 11150	Beverting/matvarer
100320	10032002	AU 11600	Bilgodtgjersle, oppgavepliktig
100320	10032002	AU 11610	Kostgodtgjersle, oppgavepliktig
100320	10032002	AU 11701	Reiseutgifter, ikkje oppgavepliktig
100320	10032002	AU 14290	Utgiftsføring av betalt mva./kompensert
100320	10032002	AU 17290	Kompensert mva.
100320	10032003	Kurs og konferanser	
100320	10032003	Kurs og kor 10600	Bilgodtgjersle, trekkpliktig
100320	10032003	Kurs og kor 10620	Kostgodtgjersle, trekkpliktig
100320	10032003	Kurs og kor 10820	Tapt arbeidsforteneste politisk arbeid u/feriepengar
100320	10032003	Kurs og kor 10990	Arbeidsgjevaravgift
100320	10032003	Kurs og kor 11150	Beverting/matvarer
100320	10032003	Kurs og kor 11231	Opphaldsutgifter
100320	10032003	Kurs og kor 11500	Opplæring og kurs
100320	10032003	Kurs og kor 11600	Bilgodtgjersle, oppgavepliktig
100320	10032003	Kurs og kor 11610	Kostgodtgjersle, oppgavepliktig
100320	10032003	Kurs og kor 11701	Reiseutgifter, ikkje oppgavepliktig

100320	10032003	Kurs og kor 12780	Kjøpte tenester
100320	10032003	Kurs og kor 13300	Kjøp frå fylkeskommunar
100320	10032003	Kurs og kor 14290	Utgiftsføring av betalt mva./kompensert
100320	10032003	Kurs og kor 17290	Kompensert mva.
100320	10032004	Eigne arrangement	
100320	10032004	Eigne arran 10600	Bilgodtgjersle, trekkpliktig
100320	10032004	Eigne arran 10820	Tapt arbeidsforteneste politisk arbeid u/feriepengar
100320	10032004	Eigne arran 10990	Arbeidsgjevaravgift
100320	10032004	Eigne arran 11150	Beverting/matvarer
100320	10032004	Eigne arran 11231	Opphaldsutgifter
100320	10032004	Eigne arran 11500	Opplæring og kurs
100320	10032004	Eigne arran 11600	Bilgodtgjersle, oppgåvepliktig
100320	10032004	Eigne arran 11610	Kostgodtgjersle, oppgåvepliktig
100320	10032004	Eigne arran 11701	Reiseutgifter, ikkje oppgåvepliktig
100320	10032004	Eigne arran 12780	Kjøpte tenester
100320	10032004	Eigne arran 14290	Utgiftsføring av betalt mva./kompensert
100320	10032004	Eigne arran 17290	Kompensert mva.

Regnskap	Revidert budsjett	Ubrukt budsjett pr denne periode
306 942	420 000	113 058
15 307	420 000	404 694
93	0	-93
0	160 000	160 000
3 234	0	-3 234
4 350	0	-4 350
1 082	23 000	21 918
0	237 000	237 000
2 459	0	-2 459
1 480	0	-1 480
389	0	-389
285	0	-285
1 779	0	-1 779
155	0	-155
299	0	-299
-299	0	299
81 117	0	-81 117
461	0	-461
29 175	0	-29 175
30 439	0	-30 439
7 361	0	-7 361
3 905	0	-3 905
3 203	0	-3 203
2 641	0	-2 641
3 932	0	-3 932
259	0	-259
-259	0	259
25 039	0	-25 039
54	0	-54
15 755	0	-15 755
2 229	0	-2 229
2 304	0	-2 304
378	0	-378
1 758	0	-1 758
2 561	0	-2 561
241	0	-241
-241	0	241
124 932	0	-124 932
297	0	-297
748	0	-748
21 477	0	-21 477
2 688	0	-2 688
4 672	0	-4 672
1 790	0	-1 790
22 349	0	-22 349
2 181	0	-2 181
3 328	0	-3 328
14 203	0	-14 203

1 200	0	-1 200
50 000	0	-50 000
2 677	0	-2 677
-2 677	0	2 677
60 548	0	-60 548
294	0	-294
2 822	0	-2 822
439	0	-439
16 670	0	-16 670
652	0	-652
12 857	0	-12 857
1 715	0	-1 715
347	0	-347
900	0	-900
23 851	0	-23 851
7 632	0	-7 632
-7 632	0	7 632

RMNF – enkelt regnskap pr. 31.01.2019.

	Regnskap	Revidert budsjett	Ubrukt budsjett pr denne periode	Budsjett inkl. endring
ALLE	5 684	35 832	30 148	430 000
100 Politisk verksemd	5 684	35 832	30 148	430 000
100320 Fylkesrådet for funksj.hemma	5 684	35 832	30 148	430 000

Budsjett 2019: 430.000,-.

Forbruk: 5.684,-.

Restsaldo pr. 31.01.2019: 424.316,-.



Notat

Dato: 26.02.2019
Arkivsak: 2017/485-82
Saksbehandlar: mernord

Til: Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne

Frå: Fylkesrådmannen

Møtereferat frå RMNF-AU den 19.02.2019

Vedlagt sendast referat frå møte i RMNF-AU den 19.02.2019, til info.
Sjå vedlegg.

Vedlegg:

1. Møtereferat frå møte i RMNF-AU den 19.02.2019.

Møtereferat

Dato: 21.02.2019

Emne:	Møtereferat frå møte i RMNF 19.02.2019	
Til stades:	Kjell Håland, leiar Kjell Søvik, nestleiar Björg Larsen, Kulturavdelinga frå kl. 13.30 Merethe Helland Nordnæs, møtesekretær	
Forfall:	Ingen	Sak: 2016/34506-16
Møtetid:	12.30-14.20	Møtestad: Møterom 523, 5 etg. fylkeshuset

Møteleiar: Kjell Håland**Referent: Merethe Helland Nordnæs****Agenda for møtet den 19.02.2019:**

1. Agenda for møtet den 20.03.2018,
2. Planlegging av Temadagen 2019
3. Ymse

Agenda for møtet den 20.03.2019:Dagsorden:

Kl. 9.00 Start.

Kl. 9.05 – 9.35 Orientering: Folkehelseundersøking i Hordaland 2018 – resultat og vidare bruk.

Ved Jens Kristian Skogen, frå Folkehelseinstituttet.

Kl. 9.35 – 12.00: Sakshandsaming

Kl. 12.00-12.30: Lunsj

Kl. 12.30- Sakshandsaming fram til møtet er ferdig.

Årsmelding RMNF 2018 vart vedteke på møtet i RMNF den 23.01.2019. Årsmeldinga er meldt opp som ei referatsak til møtet den 20.03.2019, til møtet i fylkesutvalet den 28.03.2019 og til møtet i fylkestinget den 12.06.2019.

Temadagen 2019:

Programmet for temadagen er ferdig.

Invitasjon m/program er sendt ut til: -de kommunale rådene,

-leder i FFO og leder i SAFO

-rådet i Bergen kommune, samt sekretær

-rådet i Sogn og Fjordane m/sekretær

Påmeldingsfristen er satt til den 04.03.2019.

Felles E-mail til innleiderne er sendt.

Kjell og Bjørg har kontakta de siste innleiderne, HLM arkitekter og Bergen Bibliotek.

Vi har fått bekreftelse frå innleiderne.

Bjørg har ordnet med musikalsk innslag frå Langhaugen Vgs.

Bjørg har gitt oss mulighet til å få temadagen streamet.

Oppgaver:

Bjørg, Kjell H og Kjell S finner frem mailadr. til de forskjellige rådene i kommunene, slik at invitasjon kam sendes direkte til rådene. De har fordelt kommunene mellom seg. Dette for å sikre at invitasjonen når frem til alle de kommunale rådene. Dette er til god hjelp.

Kjell S: Skal sammen med Ingeborg Hordvik ha ansvar for registrering av deltakerer ved ankomst.

Kjell H:

Ordner med gaver frå Nordnes industrier.

Er møteleiar på temadagen.

Merethe/Bjørg:

Ordne med navnelapper

Merethe:

Skrive ut program til konferansen

Lage deltakerliste



Notat

Dato: 08.02.2019
Arkivsak: 2017/485-77
Saksbehandlar: mernord

Til: Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne
Fylkesutvalet
Fylkestinget

Frå: Fylkesrådmannen

Årsmelding 2018 for rådet for menneske med nedsett funksjonsevne

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne (RMNF) har førebudd årsmelding for 2018. Årsmeldinga 2018 vart godkjent av rådet i møte den 23.01.2019. Årsmelding vert lagt fram for fylkesutvalet og fylkestinget til informasjon.

Sjå vedlegg.



Årsmelding 2018

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne

OM RAPPORTEN

Ansvarleg avdeling/eining: Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne

Kontaktinformasjon/ e-post:

Dato/ev. versjonsnr.1

Samansetning av rådet

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vert valde for den kommunale valperioden.

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne frå 01.01.2018:

Leiar:	Kjell Håland, A
Nestleiar:	Kjell Søvik, FFO
Medlem:	Ingeborg Hordvik, FL R/SV/Sp/KrF
Medlem:	May Eva Sandvik, H
Medlem:	Harald Norheim, SAFO
Medlem:	Inge Fiskvik, FFO
Medlem:	Nina Murberg, FFO
Varamedlem:	Kari Sørensen Bernardini, A
Varamedlem:	Toralv Mikkelsen, A
Varamedlem:	Jette Lunemann Hansen, A
Varamedlem:	Tore Svane, FFO
Varamedlem:	Siri Fransson, FL R/SV/Sp/KrF
Varamedlem:	Jostein Ljones, FL R/SV/Sp/KrF
Varamedlem:	Beate Husa, FL R/SV/Sp/KrF
Varamedlem:	Ragnhild Fagerbakke, H
Varamedlem:	John Torgeir Torsvik, H
Varamedlem:	Sissel Johnsen, SAFO
Varamedlem:	Laila Grosvold Nygård, FFO
Varamedlem:	Mona Røsvik Strømme, H
Varamedlem:	Asbjørn Halsebakke, FFO

REGLEMENT FOR RÅDET FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne skal som regionalpolitisk pådrivar innanfor sitt ansvarsområde arbeida med overordna politikktutforming for menneske med nedsett funksjonsevne i Hordaland.

1. Samansetjing

Rådet har 7 medlemmer oppnemnde av fylkestinget.

3 medlemmer bør veljast mellom medlemmene i kultur- og ressursutvalet, opplærings- og helseutvalet og samferdselsutvalet med ein frå kvart utval.

4 medlemmer vert valde etter forslag frå organisasjonane som representerer menneske med nedsett funksjonsevne.

Fylkestinget vel leiar og nestleiar.

Rådet vert vald for den fylkeskommunale valperioden.

2. Oppgåver

a. *Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne kan innan sitt arbeidsområde:*

- Gi fråsegn til forslag til økonomiplan og årsbudsjett
- gi fråsegn til regionale planar med verknad for menneske med nedsett funksjonsevne
- gi fråsegn til saker som fylkeskommunale organ legg fram
- gi råd i alle saker som gjeld levekår for menneske med nedsett funksjonsevne knytt til fylkeskommunal verksemd

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne kan på eige initiativ ta opp saker som er relatert til fylkeskommunal verksemd.

Årsmelding 2018

For "Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne i Hordaland" (RMNF)

Rådsmøter

Det vart i 2018 halde 6 ordinære rådsmøter. I tillegg kjem like mange arbeidsutvalsmøter (AU). AU-møtene vert haldne 2-3 veker før rådsmøtene, og skal i hovudsak førebu neste rådsmøte, men kan også handsama enkelte typer hastesaker. Det vart handsama 44 politiske saker og 37 meldingar. Rådet sin møtekalendar vert tilpassa dei politiske utvala sine kallendarar, slik at saker kan vidaresendast i rett tid.

Saker

2018 har vore eit normalår og som dei fleste år tidlegare er det arbeid med høyringane som krev mest førebuing. I løpet av 2018 har RMNF handsama og gjeve uttale til 6 høyringar.

Då RMNF handsama:

PS 6/18 Handlingsprogram 2018-2021 til Regional plan for folkehelse 2014-2025 vart det lagt til følgande:

«Handlingsprogram til regionale planar skal reviderast etter plan- og bygningslova.»

Der plan- og bygningslova ikkje oppfyller Universell utforming er det likestillings- og diskrimineringslova som må gjelde.» Bakgrunnen for dette vedtaket er at det er enkelte punkt i Tek17, i plan- og bygningslova, som etter RMNF si meining ikkje oppfyller krava til Universell Utforming.

Ei anna viktig sak var:

PS 21/18 Høring av forslag til ny forskrift om pasientjournal, der RMNF også gav uttale og der essensen i uttalen frå RMNF var at ” *Alle som yter helsehjelp har plikt til å føre journal.*”

Andre saker:

Parkerings situasjonen for funksjonshemma utanfor fylkeshuset:

På rådsmøtet 21.03.19 vart parkeringssituasjonen for funksjonshemma, utanfor fylkeshuset tatt opp. Dei 5 parkeringsplassane langs Vestre Strømkai hadde ei tidsbegrensing på 2 timar, noko som skapte utfordringar i samband med møter i fylkeshuset. I juni kom svaret frå Bymiljøetaten i Bergen kommune, der dei bekrefta at dei vil starta ein prosess for å endra parkeringa frå 2 til 3 timar.

Transportordninga for funksjonshemma:

Dei fleste år har RMNF hatt ei sak eller to angående TT-ordninga (transportordninga for funksjonshemma). Regjeringa har i fleire år hatt gåande ei prøveordning om ekstra TT midlar, der målet er at alle som er godkjent for slik transport, skal få dekkja inntil 200 turar i året, men Hordaland fekk ikkje noko tildeling i 2018.

Sak om endringar i regelverket for TT-ordninga i Hordaland fylkeskommune (PS 43/17) begynte i 2017 og vart avslutta i 2018. Her ga rådet ei klar anbefaling. RMNF er svært nøgd med å bli høyrte i denne saka, rådet sine anbefalingar vart teken til følgje.

Etablering av eit nasjonalt Eldre-, pasient- og brukarombod:

Årets nest siste sak var ei høyring om ”Etablering av nasjonalt Eldre-, pasient- og brukarombod”. Ei positiv sak som rådet slutta seg til.

Deltaking på konferansar:

I februar var rådet representert på eit konsertseminar i Stavanger, arrangert av ”Norske Konsertarrangørar”. Tema var tilgjengelighet i Kultur-Norge, med fokus på universell utforming. 13. og 14 september var fleire av medlemmene i RMNF på den årlege Landskonferansen for fylkesråd, denne gong på Hamar, med Hedmark fylkeskommune som vertskap. Tema for samlinga var ”Annerledesheit”, både i skule og arbeid. I mai vart det arrangert SOR-konferanse i Bergen, der nokre av rådmedlemmene deltok. Desse konferansane tar opp forhold om levekår og arbeidsforhold for psykisk

utviklingshemma. I november var fleire medlemmer i Oslo på ein kombinert konferanse, som var eit samarbeid mellom "Nordic Conference for universell design" og nettverket for universell utforming innan kollektivtrafikken. Rådet deltok også på Erfaringskonferansen i regi av Barne- og familiedirektorat.

Medverknad

Det vart i løpet av 2018 nedsett ei "brukarmedverknadsgruppe for Bybanen, byggetrinn 4 – Bybanen til Fyllingsdalen" der både RMNF og kommunalt råd i Bergen er naturlege medlemmer i lag med representantar for brukarorganisasjonar.

RMNF har fulgt med i prosessen med Regionreforma og vedtaket om Vestland fylkeskommune. I oktobermøtet vart rådet orientert om prosessen så langt rundt samanslåing, av Hordaland fylke og Sogn og Fjordane fylke til nye Vestland fylkeskommune. Etter orienteringa gjorde rådet slikt vedtak:

*«Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne ber om å bli tatt med i den vidare prosessen mot **eitt** råd for menneske med nedsett funksjonsevne, i nye Vestland fylkeskommune.»*

I oktobermøtet fekk ein også orientering om det nye fylkeshuset som er under planlegging, og etter orienteringa gjorde rådet slikt vedtak:

«I samband med bygging av nytt fylkeshus, vil rådet for menneske med nedsett funksjonsevne at ein ser spesielt på følgjande tema:

- 1. Når det gjeld ventilasjon, går ein ut frå at det vert overdimensjonert (ca 125%).*
- 2. Sikkerheit, godkjent brannheis som kan brukast ved evakuering.*
- 3. Parkering, det må etablerast nok HC-plassar. Dei fleste HC-bilar for transport av rullestolar er som oftast større enn vanlege bilar, spesielt høgare.*
- 4. Amfisal, her må ein finne ei løysing på korleis ein bevegelseshemma kan sitte saman med gruppa si, og så ta seg fram til talarstol. Dette gjeld samband med fylkesting, men også i andre samanhengar.*
- 5. Astma/allergi: Ved val av overflatar må ein tenkja «allergi og astma», og unngå støvfeller.*

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne ser fram til å bli involvert i den vidare prosessen med nytt fylkeshus.»

Temadag

19. mars gjennomførte RMNF den årlege Temadagen, der alle dei kommunale råda vert invitert. Hovudtema i 2018 var "Velferdsteknologi". Som vanleg hadde ein for det meste dyktige lokale foredragshaldarar, men denne gongen hadde ein også fått tak i forskar Anita Vold, blant fleire dyktige foredragshaldarar. Vold var lenge tilknytta Universitetet i Oslo. Ho hadde mange gode råd til kommunane i samband med anskaffing av velferdsteknologi, men hadde også kritiske synspunkt ved bruk av slik teknologi.

Vedlegg 1

Program for Temadag:
Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne 19.03.2018.



Temadag RMNF 2018

VELFERDSTEKNOLOGI

MANDAG DEN 19. MARS 2018

Scandic Hotell Ørnen, Lars Hillesgt. 18, Bergen

- Kl. 09:30 Registrering
- Kl. 10:00 Velkommen/opning ved leiar i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne i Hordaland, Kjell G. Håland
- Kl. 10:10 **Nordhordlandsprosjektet – Eit samarbeidsprosjekt mellom 10 kommuner i Hordaland om velferdsteknologi. Kari Eidnes Bjørkheim**, koordinator Nordhordlandsprosjektet, Lindås kommune.
- Kl. 11:00 Pause
- Kl. 11:15 **Teknologi – nytt verktøy – nye moglegheiter – ny kunnskap for alle involverte. Høgskulen på Vestlandet sin rolle.** Førsteamanuensis Mari S. Berge.
- Kl. 12:00 – 13:00 Lunsj
- Kl. 13:00 **For mykje «teknologihype» - for lite brukarfokus.** Erfaringer fra feltstudier. Ved Anita Woll, seniorspesialist, IKT, Rambøll Norge AS.
- Kl. 13:20 **Velferdsteknologi i den vidaregåande opplæring.** Morgondagens omsorg – velferdsteknologi – korleis vi har møtt kravet til opplæring i Sogn og Fjordane. Frå Stryn vidaregåande skule:
Faglærar: Hege Bjørlo Sandbakk og Liv Elisabet Rygg.
Elevar: Sunniva Leivdal og Kamilla Seljeseth.

Kl. 14:00 Pause


Kl. 14:15 **Eit skråblikk på velferdsteknologi.
Anskaffelsesprosessen.** Ved Anita Woll,
seniorspesialist IKT, Rambøll Norge AS.

Kl. 15:00 Programmet slutt.





Rådsmedlemmane i RMNF, med møtesekretær. Medlem May Eva Sandvik var ikkje tilstades då biletet vart tatt.



Agnes Mowinckels gate 5
Postboks 7900
5020 Bergen
Telefon: 55 23 90 00
E-post: hfk@hfk.no
www.hordaland.no

Hordaland fylkeskommune har ansvar for å utvikle hordalandssamfunnet. Vi gir vidaregåande opplæring, tannhelsetenester og kollektivtransport til innbyggjarane i fylket. Vi har ansvar for vegsamband og legg til rette for verdiskaping, næringsutvikling, fritidsopplevingar og kultur. Som del av eit nasjonalt og globalt samfunn har vi ansvar for å ta vare på fortida, notida og framtida i Hordaland. Fylkestinget er øvste politiske organ i fylkeskommunen.



Arkivnr: 2016/3968-5
Saksbehandlar: Ruth Ørnholt, Anne Haugen Pihl

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for kultur, idrett og regional utvikling	11/19	22.01.2019
Utval for opplæring og helse	8/19	05.02.2019
Fylkesutvalet	30/19	20.02.2019
Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne	7/19	20.03.2019

Strategi for utvikling av skulebibliotek i vidaregåande skule 2017-2020. Status pr 2019.

Samandrag

Saka gjeld oppfølging av sak vedteken i Fylkestinget i desember 2016 (PS 102/2016): *Skulebiblioteket: Kunnskapskjelde, kulturberar og sosial møteplass. Strategi for utvikling av skulebibliotek i vidaregåande skule 2017-2020.*

Hordaland fylkeskommune har hatt politisk vedtekne, strategiske planar for utvikling av bibliotek i dei offentleg eigde vidaregåande skulane sidan 2004. Hovudmålet er at skulebiblioteket skal vere eit trygt og stimulerande læringsmiljø, eit sosialt rom, ein kulturarena og integrert medspelar for å nå skulen sine overordna mål. I forskrift til Opplæringslova står det: «*Skolen skal ha skulebibliotek med mindre tilgangen til skulebibliotek er sikra gjennom samarbeid med andre bibliotek. Bibliotek som ikkje ligg i skolen sine lokale, skal vere tilgjengeleg for elevane i skoletida, slik at biblioteket kan brukast aktivt i opplæringa på skolen. Biblioteket skal vere særskilt tilrettelagt for skolen.*»

Fylkesrådmannen sin gjennomgang viser at dei fleste skulane har brukbare rom til bibliotek, og at nye og rehabiliterte skulebygningar har gode biblioteklokale. Men, i arbeid med å implementere skulebruksplanen, nybygg og rehabilitering av skular dei siste åra, har det ikkje vore høg merksemd på å gjennomføre skulebibliotekstrategien.

Ein har oppnådd mykje, men tilbodet er ikkje like godt på alle skular. Det er behov for felles retningslinjer for kva ein reknar som eit godt skulebibliotek i fylket, både når det gjeld integrering i læringsmiljø, bemanning og biblioteklokale. Når fornyinga av læreplanane trer i kraft i 2020, vil dette stille krav til alle ressursane i skulen, også skulebiblioteka. *Strategi for utvikling av skulebiblioteka i vidaregåande opplæring i Hordaland 2017 – 2020* svarar på desse behova og gi føringar for utvikling av like gode skulebibliotek på alle skulane.

Fylkesrådmannen meiner at det ligg eit stort potensiale i å utnytte skulebiblioteket når fornyinga av læreplanane trer i kraft i 2020. Biblioteket kan nyttast meir systematisk i pedagogisk arbeid, som sosial møteplass og for å stimulere inkluderinga i skulane. Kreativitet og nytenking rundt kva eit skulebibliotek kan vere, kan kompensere for stramme budsjetttrammer og bidra til at forskjellane på bibliotektilbod på skulane blir utjamna. I høve strategien manglar det minst 10, 5 årsverk for å få optimalt utbytte av skulebiblioteka. Der det ikkje er rom for tilsetjing av bibliotekfagleg personale, er det mogleg å vidareutdanne tilgjengelege personalressursar. Ein må ta stilling til ressursspørsmålet som del av dei komande budsjettprosessane i Vestland fylkeskommune.

Økonomi: Det er knytt kostnader til oppfylging av deler av planen

Klima: Lite relevant

Folkehelse: Tilgang til sosiale arenaer med låg terskel, har positiv påverknad på folkehelsa

Regional planstrategi: I Regional kulturplan 2015 – 2025 er eit mål at barn og ungdom skal ha tilgang til gode skulebibliotek.

Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet tek statusrapport om Strategi for utvikling av skulebibliotek i vidaregåande skule 2017-2020 til vitande, og bed om at arbeidet med utvikling av gode bibliotektenester i vidaregåande opplæring held fram i samsvar med strategiplanen.
2. Fylkesutvalet meiner at tiltak knytt til å integrere biblioteket i læringsmiljø og pedagogisk arbeid bør realiserast raskt innanfor innanfor gjeldande budsjetttrammer.
3. Fylkesutvalet legg til grunn at styrka bibliotekfagleg bemanning og utvikling og forbetring av biblioteklokala i tråd med vedteken strategi vert del av dei komande budsjettprosessane i Vestland fylkeskommune.

Ingrid Kristine Holm Svendsen
kst. fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd
fylkesdirektør kultur og idrett

Svein Leidulf Heggheim
fylkesdirektør opplæring

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg

- 1 Vedlegg 1: Status for strategiar mål og tiltak
- 2 Vedlegg 2: Tilsette i skulebiblioteka

Fylkesrådmannen, 10.12.2018:**Bakgrunn**

Saka gjeld oppfølging av sak vedteken i Fylkestinget i desember 2016 (PS 102/2016): *Skulebiblioteket: Kunnskapskjelde, kulturberar og sosial møteplass. Strategi for utvikling av skulebibliotek i vidaregåande skule 2017-2020.*

Jf forskrift til Opplæringslova: «Skolen skal ha skulebibliotek med mindre tilgangen til skulebibliotek er sikra gjennom samarbeid med andre bibliotek. Bibliotek som ikkje ligg i skolen sine lokale, skal vere tilgjengeleg for elevane i skoletida, slik at biblioteket kan brukast aktivt i opplæringa på skolen. Biblioteket skal vere særskilt tilrettelagt for skolen.»

Hordaland fylkeskommune har hatt politisk vedtekne, strategiske planar for utvikling av bibliotek i dei offentleg eigde vidaregåande skulane sidan 2004. Fylkestinget vedtok i desember 2016 (PS 102/2016) *Skulebiblioteket: Kunnskapskjelde, kulturberar og sosial møteplass. Strategi for utvikling av skulebibliotek i vidaregåande skule 2017-2020.* I saka står det: Gode skulebibliotek som kunnskapsformidlar og sosial møteplass, kan spele ei viktig rolle for å nå mål og ta tak i sentrale utfordringar i dagens skule. Skulebibliotek høyrer med i utforming av ein skule for framtida, der kvalitet og trivsel er sentrale verdiar. Skulebiblioteket skal støtte og fremje utdanningsmåla til skulen og bidra til å nå overordna mål i vidaregåande opplæring i Hordaland.

Vedtaket i Fylkestinget:

1. *Arbeid med utvikling av gode bibliotektenester i vidaregåande opplæring skal halde fram slik den nye strategiplanen skisserer.*
2. *Finansiering av nye stillingar og kompetanseheving må avklårast fortløpande i årsbudsjett og økonomiplan.*

Ungdomens fylkesutval:

«Utvikling av bibliotek blir ofte nedprioritert og det gleder oss dermed å sjå denne strategien trå til. Vi meiner det er viktig for vidaregåande elevar å ha tilgang til funksjonelle skulebibliotek og fagutdanna bibliotekarar, for å skape en sosial arena med gode moglegheiter for lærings- og undervisningsarbeid.»

Strategien er forankra i Regional kulturplan for Hordaland 2015-2025. Eit av måla er at barn og ungdom skal ha tilgang til gode skulebibliotek. I omtalen står at: «Skulebiblioteka er samansett av attraktive lokale, digitale tenester, aktuelle samlingar, høgt kvalifisert personale og eit klart pedagogisk oppdrag. Både grunnskule og vidaregåande skule treng bibliotek med tilrettelagt fysisk og digitalt innhald, personale med bibliotekfagleg kompetanse, føremålstenelege og trivelege biblioteklokale og gode modellar som kan påverke utviklinga i fylket. Utdanningsbiblioteka kan vere eit viktig verkemiddel i samband med fråfallsproblematikk og inkludering av minoritetsspråklege.»

Mål og strategiar

Hovudmål i *Strategi for utvikling av skulebibliotek i vidaregåande skule 2017-2020* er at skulebiblioteket skal vere eit trygt og stimulerande læringsmiljø, eit sosialt rom, ein kulturarena og integrert medspelar for å nå skulen sine overordna mål.

For å oppnå dette er det utforma 3 strategiar med eigne mål:

1. *Integrere skulebiblioteket i læringsmiljø og pedagogisk arbeid*
Mål: Bibliotektilbodet skal vere integrert i opplæringa, tilpassa fagtilbod og undervisningsarbeid. Det skal bidra til å motverke utanforskap og auka fullføring.
2. *Styrke bibliotekfagleg bemanning*

Mål: Alle elevar i vidaregåande skular i Hordaland skal ha tilgang til skulebibliotekar. Bibliotekarressursen er bestemt av elevtalet på skulen.

3. *Utvikle og forbetre biblioteklokala*

Mål: Alle skular skal ha funksjonelle og trivelege biblioteklokale

Strategiplanen inneheld totalt 15 tiltak. Skulebibliotekkoordinatoren og fylkesbiblioteket følgjer opp ein del av tiltaka, elles ligg ansvaret for gjennomføring i Opplæringsavdelinga og på dei einskilde skulane.

Vedlegg 1 er status for strategiar, mål og tiltak i desember 2018.

Strategien er tilgjengeleg her:

<https://www.hordaland.no/contentassets/8937f0bf744349d78c3ce14e305318bd/strateginy.pdf>

Finansiering

Opplæringsavdelinga finansierer ei stilling som skulebibliotekkoordinator med arbeidsplass på fylkesbiblioteket i Kultur- og idrettsavdelinga. Det har årleg vore avsett kr 100 000 til kompetanseheving av dei tilsette på skulebiblioteka. Løyvinga har blitt disponert av skulebibliotekkoordinator.

Skulane vert tildelt eit rammebudsjett med utgangspunkt i mellom anna studieretning og talet på elevar. Skulebibliotekar er ikkje rekna som ein del av grunnbemanninga, og det er opp til kvar einskild skule å prioritere skulebiblioteket. Det har ført til ulik utvikling på skulane, særleg når det gjeld tilgang på bibliotekfagleg kompetanse. Nokre skular har fagutdanna bibliotekar, mens andre t.d. nyttar ein overtalig lærar i biblioteket.

Måloppnåing

1. Integrere skulebiblioteket i læringsmiljø og pedagogisk arbeid

Det er eit pågåande arbeid for å få skulebiblioteka inn i pedagogiske planar på kvar skule. Skulebiblioteket fungerer også som uformell møteplass. Mange skular har brukt ressursar på å gjere biblioteket hyggeleg og attraktivt for elevar og lærarar. På Askøy vgs, inviterer bibliotekaren til sosiale treff i pausar og friminutt og organiserer mellom anna lesesirklar og sjakkturnering .

Det uorganiserte og spontane samveret er ein sentral del av bibliotekbruken, og dette blir endå tydelegare på dei nybygde og nyoppussa skulane. Biblioteka er plassert sentralt og i nærleik av kantine eller andre myldreområde og blir ein meir naturleg stad å søke til. På nyoppussa Arna vgs. ligg biblioteket no rett ved hovudinngangen, skilt frå kantina med glasveggar. Tidlegare låg det bortgjømt i kjellaren og blei lite brukt.

I november 2018 var fagfornyninga hovudtema i eit forum med deltakarar frå skulebibliotek og IT-sektorar i Hordaland, Rogaland og Sogn og Fjordane. Fagfornyninga legg stor vekt på kritisk tenking, kjeldekritikk og digitale ferdigheiter. Dette er kjerneoppgåver for skulebiblioteka, og dei tilsette på biblioteka er ein sentral ressurs for denne delen av det pedagogiske arbeidet. I samband med implementering av fagfornyninga er det eit fortrinn å bruke dei moglegheitene som ligg i eit godt skulebibliotek også i høve til lesekompetanse.

Det er stor variasjon mellom skulebibliotek med og utan bibliotekarkompetanse og i kva grad det er integrert i det pedagogiske arbeidet. Det gjeld t.d. kunnskapssøk, lesekampanjar, marknadsføring av bibliotektenestene, arbeid med samlingsutvikling og tilgang til elektroniske ressursar. Alle skulane har tilgang til e-bøkene i konsortiet som omfattar folkebiblioteka i Hordaland utanom Bergen. Skulebiblioteka er i liten grad med i det nasjonale nettverket for lånesamarbeid, og nyttar ikkje den landsdekkjande transportordninga som blir organisert av fylkeskommunane.

2. Styrke bibliotekfagleg bemanning

Skulebibliotekkoordinatoren gir individuell oppfølging av dei bibliotektilsette, sikrar tilgang og kvalitet i felles biblioteksystem, felles tenester. Ho organiserer kurs, konferansar, fagsamlingar og gir tilbod om stipend til studieturar og relevant etter- og vidareutdanning. Koordinator gir rettleiing ved tilsetjing av bibliotekarar ved skulane og følgjer opp felles planar og tiltak.

Det er eit mål i strategien at alle elevar skal ha tilgang til skulebibliotekar, og eit tiltak er at alle skular skal ha fagutdanna bibliotekarressurs ut frå elevtalet på skulen. Dei minste skulane skal ha 50% stilling og dei største skulane skal ha to heile bibliotekarstillingar.

Eit sentralt tiltak i planen er å sikre at alle skular har fagutdanna bibliotekarressurs. Elevtalet på skulen skal vere retningsgivande for storleik på bibliotekarstillinga. Målsetjinga i strategien er følgjande:

- 300 elevar	50 % stilling
300 – 500 elevar	100 % stilling
500 – 800 elevar	150 % stilling
800 - elevar	200 % stilling

I 2016 var det 25,46 årsverk i skulebiblioteka (sjå vedlegg 2). Det var 17 årsverk med fagutdanna bibliotekarar. I 2018 er det 23,81 årsverk i skulebiblioteka. Det er 16,4 årsverk med fagutdanna bibliotekar.

Utan omsyn til om tilsette i biblioteket har fagutdanning eller ikkje, har 9 skular bemanning i samsvar med målsetjinga, 2 av desse har ikkje fagutdanna bibliotekar. Dersom ein reknar tilsette både med og utan fagutdanning, manglar det 10,5 årsverk for å nå målet. Ein manglar ca.18 årsverk, dersom alle skulane skulle ha fagutdanna bibliotekar ut frå målsetjinga i strategien.

3. Utvikle og forbetre biblioteklokala

Fleire skular har fått nye eller oppgraderte skulebiblioteklokale i perioden. Dei to nye skulane på Voss er opna med flotte nye bibliotek. Bergen Katedralskule, Tertnes og Sandsli vgs opna nye bibliotekrom etter rehabilitering i 2018. Arna vgs har rusta opp, og opnar nytt bibliotek i januar 2019.

Det vert eit kombinert skule- og folkebibliotek i Nye Åsane vidaregåande skule og kulturhus. Skule- og folkebiblioteket sine kvalitetar skal supplere kvarandre og vere ein felles ressurs for alle. Målet er at fylkeskommunen og Bergen kommune skal utvikle eit moderne kunnskaps- og læringssenter, ein arena for kultur og ein møtestad for offentleg samtale og debatt. Bergen Off. Bibliotek skal stå for drifta av biblioteket.

Gjennomføring av strategien

Strategi for utvikling av skulebibliotek i vidaregåande skule 2017 – 2020 er halvegs i planperioden og i god rute.

Tiltak knytt til **Strategi 1** 'Integrere biblioteket i læringsmiljø og pedagogisk arbeid' kan realiserast innanfor dagens budsjettamme. For at skulebiblioteket skal bli maksimalt utnytta, krevst det systematisk planlegging og prioritering på kvar skule.

Tiltak:

- Skriftleg forankring av skulebiblioteket som ressurs, i kvar skule sine planar, og at det blir laga plan for skulebiblioteket på skulane.
- Utvikle modellar for sosiale og kulturelle aktivitetar i biblioteket.
- Marknadsføre tilgangen til e-bøker gjennom konsortiet for e-bøker i Hordaland.
- Arbeide for at skulebiblioteka har tilgang til relevante elektroniske ressursar
- Innarbeide skular som ønskjer det, i ordninga med transport mellom bibliotek.
- Marknadsføring av bibliotektenestene til ulike brukargrupper.

Tiltak knytt til **Strategi 2** 'Styrke bibliotekfagleg bemanning' kan løysast ved vidareutdanning av tilgjengelege personalressursar, om ein ikkje har ressursar til å tilsette bibliotekfagleg kompetanse. Det bør krevjast minimum 60 stp. bibliotekfag for skulebibliotekansvarlege. Både Universitet i Agder og OsloMet tilbyr bibliotekfaglege utdanning.

Strategi 3 'Utvikle og forbedre biblioteklokala' kan løysast ved at ein skule som slit med dårlege bibliotekrom, kan kompensere med å satse på tiltak lagt utanfor biblioteklokala, t.d. hyppige klassebesøk i samband med kjeldekritikk og litteraturformidling. Ein kan trekke både utstillingar og deler av samlinga ut i felleslokala, og bibliotektilsette kan delta på fellesarrangement på skulen.

Samarbeid med IT-ressursane på skulen er mogleg. Utlån av låne-PC-ar og anna utstyr er integrert i bibliotek-utlånssystemet på nokre skuler, og slike tenester kan samlast i felles lokale.

Det bør setjast av ressursar til å kartleggje status og planlegge utbetringar i eksisterande biblioteklokale i eldre bygg.

Konklusjon

I arbeid med å implementere skulebruksplanen, nybygg og rehabilitering av skular dei siste åra, har det ikkje vore fokus på å gjennomføre skulebibliotekstrategien. Dei fleste skulane har likevel brukbare rom til bibliotek, og særleg nye og rehabiliterte skulebygningar har gode biblioteklokale.

Det ligg eit stort potensiale i å utnytte skulebiblioteket når fornyinga av læreplanane trer i kraft i 2020. Biblioteket kan nyttast meir systematisk i pedagogisk arbeid og som sosial møteplass. Kreativitet og nytenking rundt kva eit skulebibliotek kan vere, kan kompensere for stramme budsjettammer og bidra til at forskjellane på bibliotektilbod på skulane blir utjamna.

Det manglar minst 10, 5 årsverk i skulebiblioteka i fylket. Utan nok tilsette, er det vanskeleg å få optimalt utbytte av skulebiblioteket. Der det ikkje er rom for tilsetjing av bibliotekfagleg personale, er det mogleg å vidareutdanne tilgjengelege personalressursar. Skulebibliotekansvarleg bør ha minimum 60 stp. bibliotekfag.

Ein har oppnådd mykje, men tilbodet er ikkje like godt på alle skular. Det trengs felles retningslinjer for kva ein reknar som eit godt skulebibliotek i fylket, både når det gjeld integrering i læringsmiljø, bemanning og biblioteklokale. Når fornyinga av læreplanane trer i kraft i 2020, vil dette stille krav til alle ressursane i skulen, også skulebiblioteka. *Strategi for utvikling av skulebiblioteka i vidaregåande opplæring i Hordaland 2017 – 2020* svarar på desse behova og gi føringar for utvikling av like gode skulebibliotek på alle skulane.

Vedlegg 1: Status for strategiar, mål og tiltak i desember 2018:

Strategi 1: Integreere skulebiblioteket i læringsmiljø og pedagogisk arbeid		
Mål	Tiltak	Status
Bibliotektilbodet skal vere integrert i opplæringa, tilpassa fagtilbod og undervisningsarbeid. Det skal bidra til å motverke utanforskap og auka fullføring.	1. Sikre skriftleg forankring av skulebiblioteket som ressurs, i kvar skule sine planar, og at det blir laga plan for skulebiblioteket på skulane.	Nokre skular har skulebibliotek med i sine årshjul. Det er eit pågåande arbeid for å få fleire inn i pedagogiske planar på kvar skule.
	2. Ha bruk av skulebibliotek som tema på skuleleiarsamlingar og samlingar for pedagogisk personale	Strategien vart presentert på møte med regionleiarar og rektorar våren 2017. Planen er sendt til alle skular og ligg tilgjengeleg som PDF på fylkeskommunen sin nettstad.
	3. Utvikle modellar for sosiale og kulturelle aktivitetar i biblioteket.	Pågåande. Tema i diskusjonsgrupper og på faglege samlingar for bibliotektilsette.
	4. Arbeide for at samlingsutvikling er i tråd med skulen sine fagplanar og for at skulane har tilstrekkeleg budsjett til innkjøp av nytt materiale.	Det er stor variasjon mellom skulebibliotek med og utan bibliotekarkompetanse. Skulane med slik kompetanse har i større grad oppdaterte bibliotek og aktiv samlingsutvikling. I mai 2018 vart det kurs om dette for alle skulebibliotekansvarlege. I samband med skulenedleggingar og –samslåingar har fleire biblioteksamlingar blitt rydda og oppdaterte, til dømes U.Pihl, Voss vgs, Voss gymnas og Arna vgs.
	5. Vidareføre deltaking for skulane i konsortiet for e-bøker i Hordaland	Gjennomført
	6. Arbeide for at skulebiblioteka har tilgang til relevante elektroniske ressursar.	Pågåande på skular med bibliotekarressurs
	7. Utvikle ordningar for lån mellom skulane og utnytting av det nasjonale biblioteknettverket.	Skulane har eit visst samarbeid med avtalar om lån seg i mellom på sosiale media og på It's learning. Det er ikkje tilstrekkelege personalressursar på skulebiblioteka for å delta i det nasjonale nettverket.
	8. Innarbeide skular som ønskjer det, i ordninga med transport mellom bibliotek.	For å vere med i transportordninga, må ein vere del av det nasjonale lånenettverket, noko det ikkje er ressursar til (sjå pkt.7)
	9. Marknadsføre bibliotekenestene til ulike brukargrupper.	Pågåande på skular med bibliotekarressurs.

Strategi 2: Styrke bibliotekfagleg bemanning		
Mål	Tiltak	Status
Alle elevar i vidaregåande skular i Hordaland skal ha tilgang til skulebibliotekar. Bibliotekarressursen er bestemt av elevtalet på skulen.	1. Sikre at alle skular har fagutdanna bibliotekarressurs ut frå elevtalet på skulen	Sidan 2016 har det vore ein reduksjon på 1,65 årsverk i den totale bemanninga på skulebiblioteka. (sjå vedlegg 2). Årsverk med bibliotekarkompetanse har gått ned med eit årsverk på Amalie Skram og Årstad. Bergen Maritime og Øystese har mista eit halvt, medan Stord og Kvinnherad har fått eit årsverk kvar. Odda har fått 0,4 årsverk. Fleire rektorar har etterlyst midlar til å tilsetje skulebibliotekansvarlege med bibliotekkompetanse. Nordahl Grieg vgs og Sandsli vgs har sett i gang tiltak for å styrke bibliotekarkompetansen på sine skular. I 2016 var det 17 årsverk med bibliotekfagleg utdanning, og totalt 25,46 årsverk. I 2018 er det 16,4 årsverk med bibliotekfagleg utdanning, totalt 23, 81.
	2. Organisere og delfinansiere nettstudiet «Skulebibliotekets rolle for elevens læringsarbeid»	Nettstudiet blei avlyst fordi det ikkje var nok påmelde. Eit forsøk på kortversjon av kurset fekk også for få påmelde og blei ikkje gjennomført.
	3. Gi bibliotektilsette kontinuerleg tilbod om relevant etter- og vidareutdanning.	Pågåande. Studietur og stipend til deltaking på konferansar og kurs blir organisert sentralt av skulebibliotekkoordinator.
	4. Arrangere fagdagar for skulebibliotektilsette i fylket to gonger i året.	Fagsamlingar over to dagar blir arrangert i mai og november kvart år. I november 2017 var samlinga felles med Rogaland og Sogn og Fjordane, med Hordaland som vertskap. Ei tilsvarande samling i november 2018 blei arrangert i Stavanger. I framtida er novembersamlingane er planlagt å vere saman med skulebibliotektilsette i dei tre fylka.
Strategi 3: Utvikle og forbetre biblioteklokala		
Mål	Tiltak	Status
Alle skular skal ha funksjonelle og trivelege biblioteklokale	1. Utvikle gode og funksjonelle skulebibliotek i nye bygg og ved oppgradering av eldre skular.	<ul style="list-style-type: none"> Voss gymnas og Voss vgs har i 2016/17 flytta inn i nye lokale med nye, flotte biblioteklokale. Bergen Katedralskole flytta ved årsskiftet 2017/18 inn i rehabiliterte lokale med god plassering på gatenivå. Då Sandsli vgs blei pussa opp våren 2018 fekk skulebiblioteket i 2018 få nye og større lokale like ved kantina. Biblioteket på Tertnes vgs er nytt i samband med utviding av skulen, som sto ferdig hausten 2018. Biblioteket på Arna vgs er flytta i samband med rehabilitering i 2018. Formell opning av nyoppussa skule skjer januar 2019. Skulebiblioteket på Nye Åsane vgs blir eit kombinasjonsbibliotek med folkebibliotekfilialen. Det blir planlagt i samarbeid med og skal driftast av Bergen Off. Bibliotek. Opning i 2020.
	2. Kartleggje status og planleggje utbetringar i eksisterande lokale	Ikkje prioritert grunna manglande ressursar.

Vedlegg 2: Tilsette i skulebiblioteka

Skule	Elevtal		Årsverk med bibl.kompetanse		Årsverk u/bibl.kompetanse		Årsverk totalt i skulebiblioteket		Manglar årsverk	Manglar fagutdanna
	sep.16	sep.18	2016	2018	2016	2018	2016	2018	2018	2018
Amalie Skram vgs	1041	1022	1		0,5	1,5	1,5	1,5	-0,5	-2
Arna/Garnes vgs	330	301	0,5	0,5	0,2	0,2	0,7	0,7		
Askøy vgs	549	518	1	1			1	1		
Austevoll vgs	139	136			0,2		0,2		-0,5	-0,5
Austrheim vgs	264	233			0,35	0,35	0,35	0,35	-0,15	-0,5
Bergen Katedralskole	527	650	1	1			1	1	-0,5	-0,5
Bergen maritime vgs	270	273	0,5			0,5	0,5	0,5		-0,5
Bømlo vgs	273	269			0,2	0,2	0,2	0,2	-0,3	-0,5
Etne vgs, nedlagt 2017	82				0,2		0,2			
Fitjar vgs	248	226			0,3		0,3		-0,2	-0,5
Fusa vgs	236	301				0,2		0,2	-0,3	-0,5
Fyllingsdalen vgs	484	574	1	1			1	1		
Hjeltnes vgs, produksjonskule frå 2018	12				0,2					
Knarvik vgs	1023	994	1	1	0,3	0,3	1,3	1,3	-0,7	-1,3
Kvam vgs, ny 2017		258		0,5				0,5		
Kvinnherad vgs	402	393		1	1,2		1,2	1		
Laksevåg vgs	714	630	1	1			1	1	-0,5	-0,5
Langhaugen vgs	607	634	1	1			1	1	-0,5	-0,5
Nordahl Grieg vgs	855	844	1	1	0,5	0,5	1,5	1,5	-0,5	-1
Norheimsund vgs/Øystese gymnas, slått saman til Kvam vgs jan 2017	296		1				1			
Odda vgs	333	282		0,4	0,4		0,4	0,4	-0,1	-0,1
Olsvikåsen vgs	530	592	1	1			1	1		
Os gymnas	236	259			0,16	0,16	0,16	0,16	-0,3	-0,5
Os vgs	461	460	1	1			1	1		
Osterøy vgs	183	195			0,4		0,4		-0,1	-0,5
Rogne vgs, nedlagt 2017	88				0,05		0,05			
Rubbestadnes vgs	158	138			0,05	0,05	0,05	0,05	-0,5	-0,5
Sandsli vgs	521	514			0,4	0,4	0,4	0,4	-0,6	-1
Slåtthaug vgs	483	520			0,6	0,6	0,6	0,6	-0,5	-1
Sotra vgs	807	841	1	1	0,75	0,75	1,75	1,75		-0,5
Stend vgs	451	515			0,5	0,5	0,5	0,5	-0,5	-0,5
Stord vgs	809	833		1	1,3		1,3	1	-0,5	-0,5
Tertnes vgs	421	668	1	1			1	1	-0,5	-0,5
U. Pihl vgs, nedlagt vår 2018	313									
Voss gymnas	351	382	0,55	0,55			0,55	0,55	-0,45	-0,45
Voss husflidsskule, nedlagt 2017	62									
Voss vgs	250	558	0,45	0,45			0,45	0,45	-0,55	-0,55
Årstad vgs	899	971	1		0,5	1,8	1,5	1,8	-0,2	-2
Åsane vgs	347	480			0,4	0,4	0,4	0,4	-0,6	-1
Skulebibliotekkoordinator			1	1						
Sum:	16055	16464	17	16,4	9,66	8,41	25,46	23,8	-10,05	-18,4
differanse				0,6		1,25		1,65		

Merknader:

- Austevoll vgs har ingen tilsette ved skulebiblioteket.
- Elevtalet på Voss gymnas og Voss vgs har auka til høvesvis 380 og 550, frå 350/250, men biblioteket har ikkje fått auka bemanning, det er framleis ein person som har ansvar for begge skulebiblioteka.

- Øystese gymnas/Norheimsund vgs reduserte hausten 2017 skulebibliotekarstillinga frå heil til halv stilling, i samband med samanslåinga til Kvam vgs.
- Fusa vgs tilsette i juni 2017 ein merkantil som skulebibliotekansvarleg i 20% stilling. IT-ansvarlege på skulen hadde tidlegare stillinga.
- Odda vgs og Odda folkebibliotek samarbeider om ei 40% stilling som skulebibliotekar. Fram til februar 2017 var det ingen med bibliotekkompetanse på skulen.
- Stord vgs tilsette hausten 2017 ny bibliotekar i 100% stilling. Stillinga har vore bemanna av tilsette utan bibliotekkompetanse sidan 2015.
- Bergen Maritime vgs har sidan januar 2018 ikkje hatt tilsette med bibliotekkompetanse. Ein overtalig lærar er har 50% stilling som midlartidig løysing.
- Kvinnherad tilsette hausten 2018 ein fagutdanna bibliotekar, i ei stilling som i fleire år har vore bemanna av ein overtalig lærar.
- Korkje Årstad eller Amalie Skram vgs har lenger tilsette med bibliotekkompetanse. Begge skulebiblioteka er bemanna med overtalige lærarar og merkantilt personale.



Arkivnr: 2019/897-2

Saksbehandlar: Guro Klyve

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet	24/19	20.02.2019
Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne	8/19	20.03.2019

Ny tannklinikk på Straume - Øygarden tannklinikk - leigeavtale

Samandrag

I klinikkstrukturplan for tannhelsetenesta i Hordaland for 2015-2030, som vart vedteken av fylkestinget 08.03.2016, vil tannhelsetilbodet i Vest tannhelsedistrikt i løpet av planperioden verte gjeve på 4 store tannklinikkar. Ein av desse vil vere ein ny tannklinikk på Straume. Den nye tannklinikken vil vere ei samlokalisering av Sund tannklinikk, noverande Straume tannklinikk og Ågotnes tannklinikk, og klinikken vil bli ein sentralklinikk for nye Øygarden kommune.

Det er forhandla fram ein leigeavtale mellom Fjell kommune og Hordaland fylkeskommune om leige av lokale til ny tannklinikk i 1. etasje i det nye lokalmedisinske senteret som Fjell kommune bygger i Blombakkane 77 på Straume. Senteret er ein del av ein helselandsby med allsidige helsetilbod som Fjell kommune over tid har utvikla saman med Helse Bergen og nabokommunane Sund og Øygarden. Både Fjell kommune og fylkesrådmannen ønskjer å ha den nye tannklinikken plassert i det lokalmedisinske senteret saman med andre helsetenester.

Det vil vere 13 behandlingsrom ved den nye tannklinikken. Leigearealet til eksklusiv bruk for klinikken er 765,4 m2 BTA, og andel fellesareal er 70,3 m2 BTA. Til forskjell frå leigeavtalane for Arna tannklinikk og Nesttun tannklinikk, som vart godkjente i 2018, skal ikkje Hordaland fylkeskommune leige lokala på Straume som rålokale og bygge klinikken sjølv. Lokala på Straume vil stå ferdig til bruk frå utleigars side i mars 2019. Alt dentalutstyr og dentalinnreining er rekneskapsført på tannhelsetenesta sitt investeringsbudsjett i 2018.

Leigeforholdet vil ta til 01.03.2019, og leigetida er 20 år med 5+5 år. Den årlege leiga er på kr 1.405.380 eks mva, som utgjer kr 1.681 pr m2. Leiga avspeglar Fjell kommune sine reelle kostnader over 30 år for bygg og tomt. I tillegg til leiga kjem kostnader til reinhald, drift/forvaltning, straum og beløp avsett til framtidig vedlikehald.

Den nye tannklinikken vil få namnet Øygarden tannklinikk. Den vil kunne stå klar innan kort tid.

Fylkesrådmannen rår til at vedlagte leigeavtale vert godkjent.

Økonomi: Sund tannklinikk er allereie lagt ned, og Straume tannklinikk og Ågotnes tannklinikk vil verte lagt ned når Øygarden tannklinikk er ferdig til bruk. Utgiftene til leige vil auke, men gjennom meir effektiv drift ved å ha *ein* tannklinikk vil vi få redusert driftskostnadene.

Klima: Etablering av tannklinikken i eit lokalmedisinsk senter, med nær tilknytting til andre helsetenester og helseinstitusjonar, fører til eit meir effektivt tenestetilbod og mindre reising for eldre og langtidssjuka. Øygarden tannklinikk har òg ei plassering som er gunstig med omsyn til kollektivknutepunkt.

Folkehelse: Etablering av større og gode fagmiljø gjer folkehelsearbeidet betre og meir effektivt.

Regional planstrategi: Klinikstrukturplanen for tannhelsetenesta bygger på «Regionalplan for attraktive senter i Hordaland, senterstruktur, tenester og handel», ved at det i alle regionsentra skal vere ein stor offentleg tannklinikk som gjev stabile tenester av høg kvalitet.

Forslag til vedtak

Leigeavtale mellom Fjell kommune og Hordaland fylkeskommune for Øygarden tannklinikk vert godkjent.

Ingrid Kristine Holm Svendsen
kst. fylkesrådmann

Jostein Fjærestad
direktør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg

- 1 Leigeavtale
- 2 Planteikning - 1. etg.
- 3 Planteikning - u.etg. (parkering)
- 4 Situasjonkart

Fylkesrådmannen, 31.01.2019

I klinikkstrukturplan for tannhelsetenesta i Hordaland for 2015-2030, som vart vedteken av fylkestinget 08.03.2016, vil tannhelsetilbodet i Vest tannhelsedistrikt i løpet av planperioden verte gjeve på 4 store tannklinikkar. Ein av desse vil vere ein ny tannklinikk på Straume. Den nye tannklinikken vil vere ei samlokalisering av Sund tannklinikk, noverande Straume tannklinikk og Ågotnes tannklinikk, og klinikken vil bli ein sentralklinikk for nye Øygarden kommune.

I klinikkstrukturplanen var den nye tannklinikken på Straume opphavleg planlagt etablert i 2021. Men allereie i 2017 fekk HFK informasjon om at det var ledig eit areal på ca. 700 m² i 1. etasje i det nye lokalmedisinske senteret som Fjell kommune bygger i Blombakkane 77 på Straume på i alt ca. 9.300 m². Senteret var planlagt ferdig mot slutten av 2018.

Det nye lokalmedisinske senteret er ein del av ein helselandsby med allsidige helsetilbod som Fjell kommune over tid har utvikla saman med Helse Bergen og nabokommunane Sund og Øygarden. Tilbodet i senteret vil vere variert og mellom anna femne om legevakt, fastlegekontor, restbehandling etter sjukehusopphald, augeblikkeleg hjelp, dialyse av nyresjuke, ei storsatsing på rehabilitering, korttidsplassar for eldre samt førebygging i eit friskliv- og meistringssenter.

Både Fjell kommune og fylkesrådmannen ønskjer å ha den nye tannklinikken plassert i det lokalmedisinske senteret saman med andre helsetenester, og i desember 2017 vart det derfor inngått ein avtale mellom HFK og Fjell kommune med intensjon om å kome fram til ein leigeavtale. Det vart frå HFK si side teke atterhald om politisk godkjenning av ein leigeavtale.

HFK og Fjell kommune har forhandla fram ein avtale, og den 25.01.2019 var dei siste tala på plass i leigeavtalen.

Til forskjell frå leigeavtalane for Arna tannklinikk og Nesttun tannklinikk, som vart godkjente i 2018, skal ikkje Hordaland fylkeskommune leige lokala som rålokale og bygge klinikken sjølv. Lokala på Straume vil stå ferdig til bruk frå utleigars side i mars 2019. Alt dentalutstyr og dentalinnreiring er rekneskapsført på tannhelsetenesta sitt investeringsbudsjett i 2018.

Utleigar/Fjell kommune sine leigeinntekter i senteret skal dekke kapitalkostnadene, drifts- og vedlikehaldskostnadene samt felleskostnadene. I tillegg skal kvar av leigetakarane dekke dei spesialtilpassingane som utleigar har utført for dei. Sjølvkostprinsippet er lagt til grunn ved utrekning av kapitalkostnadene, og med ei nedbetaling av investeringane over 30 år. Leigeavtalen for den nye tannklinikken på Straume liknar derfor på den tidlegare godkjente leigeavtalen for tannklinikken i det framtidige helsehuset på Knarvik i Nordhordland.

Det vil vere 13 behandlingsrom ved den nye tannklinikken, og leigearealet til eksklusiv bruk er 765,4 m² BTA, og andel fellesareal er 70,3 m² BTA. Til saman vert dette 835,7 m² BTA. Sjå § 1 i leigeavtalen. Leigeforholdet tek til 01.03.2019, og leigetida er 20 år med 5+5 år.

Den årlege leiga er på kr 1.405.380 eks mva, som utgjer kr 1.681 pr m². I tillegg kjem kostnader til reinhald, drift/forvaltning (kr 200 pr. m² pr. år), straum og framtidig vedlikehald (kr 150 pr. m² pr. år).

Namnet på den nye klinikken vil vere Øygarden tannklinikk.

Øygarden tannklinikk vil kunne stå klar innan kort tid. Noverande Straume tannklinikk og Ågotnes tannklinikk vil verte lagt ned når den nye tannklinikken er ferdig. Sund tannklinikk, som heldt til i lokale i Sotra vgs, avd. Sund, vart lagt ned våren 2018.

Samla leigekostnad i 2018 for Straume tannklinikk og Ågotnes tannklinikk var kr 790.616 eks. mva. For Sund tannklinikk betalte vi ikkje leige, sidan vi nytta lokale i bygg eigd av oss.

Sjølv om vi gjennom den nye leigeavtalen vil få høgare leige, vil vi ved å redusere talet på tannklinikkar få effektivisert drifta, og dermed redusert driftskostnadene.

Dei noverande tannklinikkane vart etablert i ei tid med heilt andre krav til utforming av sjølve tannklinikken samt til bygget elles enn dei krava som gjeld i dag. Sidan tannhelsetenesta har ansvar for å gje eit tannhelsetilbod til eldre, uføre og langtidssjuka, er det av stor betydning å tilrettelegge alle offentlege tannklinikkar for universell utforming. Den nye klinikken vil såleis tilfredsstille dei krava som er sett til universell utforming.

Øygarden tannklinik vil ha ei god plassering på Straume med omsyn til kollektivtransport. Når det gjeld HC-parkeringsplassar for pasientar ved klinikken, vil vi få 3 merka plassar utvendig og som vil vere rett utanfor lokala.

Fylkesrådmannen rår til at vedlagte leigeavtale vert godkjent.



Fjell kommune

LEIGEKONTRAKT

MELLOM

FJELL KOMMUNE (utleigaren),
Postboks 184
5342 STRAUME
Org.nr.: 951 996 777

og

HORDALAND FYLKESKOMMUNE (leigetakar)
Agnes Mowinckels gate 5
5008 BERGEN
Org.nr.: 938 626 367



Det er i dag inngått slik leigeavtale mellom ovanfor nemnde partar om leige av lokale til tannklinikk i 1. høgda i lokalmedisinsk senter på Straume, gnr. 35, bnr. 251 i Fjell kommune:

§ 1 Leigeobjekt

Utleigaren stiller til disposisjon lokale i eigedomen (gnr. 35, bnr. 251) som omfattar:

Lokale til tannklinikken	= 765,4 m²
+ andel fellesareal	= 70,3 m²
<u>Totalt leigeareal</u>	<u>= 835,7 m²</u>

Det ovanfor oppgitte totale leigeareal (brutto) er akseptert av partane som gjeldande for denne avtalen. Totalt leigeareal er inklusiv andel fellesareal.

Lokalet si plassering i bygget går fram av vedlegg 1.

Den oppgjevne del av fellesareal utgjer ein høvesvis del av kommunikasjonsareal, korridorar, heis, trapp, tekniske rom, sjakter, samt åtkomst via vareleveringskorridor. Den oppgjevne del av fellesareal inkluderer ikkje møterom.

§ 2 Overlevering av lokala

Fjell kommune har prosjektert og bygd lokala som skal nyttast av mellom anna Hordaland fylkeskommune. I samband med overtakinga av bygget vert det gjennomført ei synfaring av bygget. Lokala vert stilt til disposisjon for leietakar i den stand dei er ved overtaking av lokala med retting av dei manglar som går fram av overtakingsprotokollen med mangelliste.

§ 3 Tidsavgrensing for leigeforholdet

Leigeforholdet etter denne kontrakten tek til frå 1. mars 2019 og er gjensidig uoppseieleg fram til 31.12.2038 med opsjon for leietakar til å forlengje avtalen i ein ny periode på 5+5 år.

Leigetakar må senda skriftleg melding om forlenging av leigeperioden seinast 2 år før leigeperioden opphøyrer. Både utleigar og leigetakar kan krevja reforhandling av leige kontrakten ved utløpet av leigeperioden. Prinsippet om at leiga skal avspegla kommunen sine reelle utgifter utan noko element av fortjeneste skal leggjast til grunn for en mogeleg ny avtale.

§ 4 Bruk av lokala

Lokalet skal nyttast til tannhelsetenester eller anna helseverksemd. Lokala må ikkje nyttast på ein slik måte at utleigar sitt omdømme vert skada. Lokala og den verksemda som vert drive i desse, må ikkje medføra auke i bygget sine forsikringspremiar eller andre faste utgifter utover det som er føresett ved inngåing av kontrakten. Dersom dette skulle skje, vil utleigar krevja auken refundert av leigetakaren.



§ 5 Leige

Det er semje mellom partane om at leiga skal avspegla Fjell kommune sine reelle kostnader over 30 år / 120 kvartal for bygg og tomt. Låneopptaket vert gjort i tråd med godkjent byggerekneskap. Berekna prosjektkostnad er ved signeringa av leigekontrakten kr. 251 891 236,-. Låneperioden er 30 år / 120 kvartal. Renta er bunde i 10 år til 2,85 %. Endeleg prosjektkostnad vert lagt til grunn for utrekninga av årleg leige.

Det skal, gitt bekretna prosjektkostnad og ei rente på 2,85 %, betalast ei leige på f.t. kr. 281 241,- per kvartal. Leiga vil endrast når ny rente vert fastsatt.

I tillegg er det gjort spesialtilpassingar for Hordaland fylkeskommune. Desse kostnadene kjem i tillegg til leiga skissert over, og skal i sin heilhet dekkjast av leigetakaren. Spezialtilpassingane utgjer kr. 5 641 986,-, og utgjer kr. 70 104,- per kvartal. Spezialtilpassingane er nedbetalt etter 30 år, og fell då bort.

Leietakar skal konsulterast før ny låneavtale vert inngått.

Husleiga skal betalast forskotsvis den 1. i månaden kvart kvartal (1/1, 1/4, 1/7 og 1/10), men første gong dagen før overdragingstidspunktet, jf. § 3. Utleigar sender faktura med 30 dagars betalingsfrist.

Ved for sein betaling av leige og andre økonomiske plikter vert å svara forseinkingsrente etter forsinkelsesrenteloven frå forfall og til betaling skjer.

I tillegg til leiga betalar leietakar driftskostnader som fastsett i § 6 samt utgifter til straum/oppvarming og reinhald i eget lokale.

§ 6 Driftskostnader

Leietakar skal i tillegg til leige betala ein forholdsmessig del av kostnader til:

- A. Dagleg driftstilsyn, vedlikehald og administrasjon av eigedomen.
- B. Offentlege avgifter, herunder renovasjonsgebyr og vass- og kloakkgebyr.
- C. Oppvarming, ventilasjon og belysning innanfor det totale fellesarealet, herunder drift og vedlikehald av tilhøyrande tekniske anlegg, inngangsparti og ev. vare og utstyrmottak.
- D. Vedlikehald og reinhald av innvendige fellesareal.
- E. Utvendig reinhald, feiing og snøbrøyting, samt vedlikehald av parkerings- og grøntanlegg.
- F. Elektrisk energi og olje til felles lys, oppvarming og tekniske anlegg.
- G. Vakthald på fellesareala.
- H. Øvrige drifts- og vedlikehaldskostnader for fellesareala.

Lista er uttømmende.

Kostnadene jf. punkta A til H er sett til kr 200,- per m² per år, rekna etter totalt leigeareal i § 1. Årskostnadene er f.t. kr 170.220,-. Kostnadene vert regulerte årleg i samsvar med endring i konsumprisindeksen.



I tillegg til dette skal leigetakaren sjølv dekkja alle utgifter til straum og oppvarming av dei leigde lokala. Det vil vere ein eigen minusmålar for dei leigde lokala, slik at leigetakaren betalar for det faktiske forbruket.

Leigetakaren må syta for forsvarleg reinhald som beskrive i Interkommunal norm for reinhaldstenester. Det vil bli inngått ein eiga reinhaldskontrakt med kommunen, og utgiftene vil bli lagt inn i leiga.

Drift omfattar alle naudsynte oppgåver innanfor eitt år for at bygget med tekniske installasjonar skal tilfredsstillast dei funksjonskrav som er stilt.

Leigetakar er innforstått med at manglande betaling av dei i punkta A til H nemnde kostnader, inneber utkasting etter misleghaldsreglane i § 17. Leigetakar har ikkje høve til å motrekna i leigesummen eller i avtalte tilleggssytingar.

Utgifter i samband med den eksisterande - og ny skilting med tilknytning til leigeareala, det vere seg ute eller inne, postkasse og ringeklokke, vert dekkja av leigetakaren.

Leietakar skal betala ein årleg sum til avsetning for framtidig vedlikehald på eigeidomen. Dette utgjer pt. kr. 31 916,- per kvartal, totalt kr. 127 665,- per år, og vert fakturert leietakar saman med husleiga. Summen kan indeksregulerast med 100 % av endringa i Statistisk Sentralbyrå sin byggekostnadsindeks for blokkbebyggelse, første gong 1.1.2020. Indeks per 15.11.2018 vert lagt til grunn.

Vedlikehald omfattar naudsynte tiltak for å halda bygg og tekniske installasjonar på eit fastsett kvalitetsnivå for å kunne nytta bygget til tiltenkt formål og omfattar utskifting av bygningsdelar med kortare levetid enn resten av bygget, korrektivt vedlikehald for å retta opp uføresett skade samt førebyggjande vedlikehald.

Utleigar vil foreta ein årleg inspeksjon av bygget. Med bakgrunn i rapport frå denne inspeksjonen vert periodisk vedlikehald og utskiftingar planlagt og gjennomført slik at bygget tilfredsstillast dei opphavleg gitte tekniske og funksjonelle krav. Akutte reparasjonar vert teke fortløpande. Utleigar skal informera leigetakar om planlagt arbeid slik at arbeidet i størst mogleg grad kan tilpassast leigetakar si verksemd. Kostnadane skal avspegla reelle utgifter utan noko element av fortjeneste. Meirforbruk må avtalast mellom partane.

Leigetakar er innforstått med at manglande betaling kan få konsekvensar for leigeforholdet, jf. reglane i § 9-9 i lov om husleigeavtaler.

§ 7 Utleigar sine plikter og rettar

Utleigaren pliktar å sørgja for at lokala står til rådvelde for leigetakaren i leigetida.

Utleigar er ansvarleg for alt utvendig bygningsmessig vedlikehald.

Utleigar pliktar også å sjå til at fortau, fotgjengarareal og parkeringsplassar vert halde reine og fri for snø, samt at eventuelle grøntanlegg vert haldne i hevd.



Dersom utleigar ser det naudsynt å foreta ombyggingstiltak eller utvidingar av bygningane sine for å oppnå ei betre utnytting av eigeidomen, vil leigetakar måtte finna seg i mindre ulemper utan husleigereduksjon.

Utleigar har rett til fritt gjennomløp i lokala for naudsynte tekniske installasjonar, herunder VVS, utan avslag i leiga eller erstatning, og leigetakar må elles på andre måtar tåla tilfeldig avbrot i leidningar eller andre ordningar. Utleigar har elles rett til å gjennomføra inspeksjonar av lokala. Utleigar skal varsle leigetakar på førehand så langt råd er, dersom det skal gjerast inngrep i lokala eller inspeksjon skal utførast.

Utleigar har eigars ansvar iht Brann- og eksplosjonsvernloven med tilhøyrande forskrifter og rettleiing.

§ 8 Leigetakar sine plikter

Leigetakar er forplikta til å handsama leigeobjektet med tilbørleg varsemnd.

Leigetakar er erstatningspliktig for all skade som skuldast leigetakaren eller folk i hans teneste, så vel fast tilsette som tilfeldige, herunder flyttefolk, handverkarar, personale på varetransport og andre som er gitt særskilt tilgang til lokala eller eigeidomen.

Leigetakar pliktar å innhenta alle nødvendige løyver for bruk av lokalet. Dersom drifta i lokala fører til krav eller pålegg frå arbeidstilsyn, helseråd, brannvern, sivilforsvar, miljøvern eller anna offentleg styresmakt, er det leigetakar sitt ansvar å oppfylla desse samt å dekkja utgiftene.

Leigetakar er ansvarleg for alt innvendig vedlikehald i eigne lokale om ikkje anna er skriftleg avtala. Leigetakar pliktar å halda lokalet på eit nivå som tilsvarer standard og kvalitet på overtakingstidspunktet, men fråtrekt forringing som følgje normalt slit og elde.

Utgifter knytt til oppstaking av vass- og avløpsrør kviler på leigetakaren medan utleigar utfører arbeidet. Alt arbeid som leigetakaren pliktar å utføra, skal gjerast utan ugrunna opphald og på ein handverksmessig forsvarleg måte. Oppfyller ikkje leigetakaren denne vedlikehaldsplikta, eller utfører leigetakar ikkje reparasjon av skader han pliktar å utbetra, kan utleigar setja lokala i stand på leigetakar sin kostnad.

Leigetakar skal ha rutinar for at alle tilsette og andre som utfører arbeid i lokalet er kjent med interne brannrutinar og brannforskrifter, samt plikter som følgje av desse. Leigetakar sine plikter følgjer av Brann- og eksplosjonsvernloven med tilhøyrande forskrifter og rettleiing. Sjå elles www.regelhjelp.no – brannvern – krav til verksemd eller brukar med tilhøyrande regleverk, jmf vedlegg 3. Leigetakar har brukar sitt ansvar i medhald av ”veiledning til forskrift om brannforebyggende tiltak og tilsyn”.

Avfall skal sorterast og leggjast i bosspann for restavfall, papp/papir, plast, glas og våtorganisk avfall. Avfall av ekstraordinært omfang må leigetakaren sjølv ordna med og kosta.

Eigeidommen er utstyrt med låsesystem. Leigetakar må kvittera ut nøklar/nøkkelkort og har ansvar for at desse vert leverte attende etter avslutta leigeforhold. Dersom



nøklar/nøkkelkort vert borte, skal leigetakar straks varsla huseigar. Leigetakar er i slike tilfelle ansvarleg for, og må dekke kostnader ved at sylindrar må kasserast/skiftast for å oppretthalda tryggleiken.

Dersom leigetakar utløyser alarm og ikkje straks varslar alarmsentralen må leigetakar sjølv dekke kostnadene ved utrykking. Nummer til alarmsentral skal vera lett tilgjengeleg ved inngangsdør. Vakttelefon for kommunale bygg er 47 60 61 22.

§ 9 Leigetakar si meldeplikt

Leigetakaren pliktar straks å melda frå til utleigaren om alle skader som må utbetrast. Let han vera å gje skriftleg melding, taper han mogeleg rett til kompensasjon, og er ansvarleg for all skade som måtte følgja av forseinkinga.

§ 10 Ansvar og forsikringsplikt

Utleigar held dei utleigde lokala inkl. fastmontert innbu og spesifisert utstyr forsikra. Leigetakar må sjølv syta for forsikring av eige utstyr og innreiing han sjølv har fått utført.

§ 11 Framleige – overdraging

Leigetakar har ikkje rett til å framleige eller overdraga noverande leigekontrakt verken heilt eller delvis utan utleigaren sitt skriftlege samtykke. Søknad om framleige/overdraging skal sendast skriftleg, og utleigar skal gje skriftleg svar innan ein månad etter at søknaden er motteken. Utleigar kan ikkje nekte framleige utan sakleg grunn.

Utleigar kan alltid nekta overdraging til aktør som ein kan rekna med har til føremål å driva anna verksemd enn den som er nemnt under § 4.

Ei samanslåing av Hordaland fylkeskommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune til ein ny region (Vestland fylkeskommune) vert ikkje rekna som ei overdraging av leigeavtalen.

§ 12 Skilt og vindaugo

Skilt, markiser, lysreklame og liknande kan ikkje setjast opp utan skriftleg godkjenning frå utleigar.

§ 13 Parkering

Ved underteikning av leigekontrakten disponerer tannklinikken 8 vanlege parkeringsplassar og 3 HC-parkeringsplassar utvendig. I tillegg disponerer tannklinikken 2 elbil-plassar i parkeringsanlegget. Alle parkeringsplassane er merka.

Utleigar har i løpet av leigetida høve til å endra vilkåra for parkering. Leigetakar skal ha skriftleg varsel 2 månader innan ei eventuell endring trer i kraft.



§ 14 Brannvern

Leigetakar er gjort kjent med brannforskriftene og er pliktig til å etterleva dei og eventuelle pålegg. Leigetakar har brukar sitt ansvar i medhald av "veiledning til forskrift om brannforebyggende tiltak og tilsyn".

§ 15 Brann

Vert dei leigde lokala øydelagde av brann eller liknande hending, fell leigeavtalen bort. Dersom lokala vert bygde opp att, har den tidlegare leigetakaren ein forrett til ny leigeavtale.

§ 16 Fråflytting

Ved fråflytting skal dei leigde lokala vera rydda og reingjorde dvs. slik dei var ved overtakinga med fråtekk for normal slit og elde.

Utleigar kan krevja at fast inventar, leidningar etc. vert fjerna dersom ikkje anna er særskilt avtalt. Leigetakar pliktar i så fall å føra lokala attende til den stand dei var i ved overtakinga. Det vil bli utarbeida ei liste som viser kva inventar som var i lokala ved innflytting og som skal bli verande ved utflytting, og kva inventar leigetakar sjølv har satt inn og som dei tar med seg ved flytting.

Ombyggingar som er skriftleg godkjent av huseigar tilfallar huseigar utan kostnader ved fråflytting og skal ikkje førast attende til opphavleg stand.

Utleigar kan krevja skadebot for eventuell verdireduksjon utover normal slitasje påført lokala av leigetakar. Kompensasjon for verdiauke av lokale utført at leigetakar vert kompensert når det ligg føre særskild skriftleg avtale om dette mellom partane knytt til konkrete prosjekt.

§ 17 Misleghald

Vert leiga eller avtalte tilleggsytningar ikkje betalt innan to veker etter særskild varsel, jfr. tvangsfullbyrdingslova §4-18, vedtek leigetakaren tvangsfråvik i medhald av lova, jfr. §13-2 3. lekken.

Leigetakar som fråflyttar etter utkasting eller etter krav frå utleigaren pga misleghald, pliktar å betala leige for den tida som er att av leigetida. I fråtrekk kjem leigeinntekter ved eventuell ny utleige.

Leigetakaren må betala utgiftene som følgje av utkasting, søksmål, rydding, istandsetjing og reinhald av lokala.

§ 18 Tilhøvet til husleigelova

Følgjande paragrafar i husleigelova gjeld ikkje:

§3-8 om deponering av omtvista leige

§4-2 om indeksregulering

§4-3 om tilpassing til gjengs leige og

§5-4 om endringar i lokalet.



§ 19 Tinglysing

Partane har rett til å tinglysa leigekontrakten og må sjølv bera utgiftene med dette.

§ 20 Usemje

Usemje knytt til tolkinga av denne avtalen vert først søkt løyst ved å finna ei minneleg løysing partane mellom. Dersom det ikkje vert oppnådd semje, skal saka løysast ved domstolen for eigedomen sitt verneting.

Denne kontrakten er skriven i to eksemplar, eitt til kvar av partane.

Straume, den _____

Fjell kommune

Hordaland fylkeskommune

Bjørn Erik Kristiansen
Plan- og eigedomssjef


Jostein Fjærestad
Eigedomsdirektør

Vedlegg:


- Planteikning over leigearaet




ØH/interm. 3. etasje
Sykehjem 3. etasje
Dialyse 2. et. + kj.
Rehab. 2. etasje
Tannlege 1. et. + kj.
Medicus 1. etasje
Legevakt 1. etasje
Dagaktivitet/FLM
Korr/heis
Felles
Tekn,sjakt



- ØH/interm. 3. etasje
- Sykehjem 3. etasje
- Dialyse 2. et. + kj.
- Rehab. 2. etasje
- Tannlege 1. et. + kj.
- Medicus 1. etasje
- Legevakt 1. etasje
- Dagaktivitet/FLM
- Korr/heis
- Felles
- Tekn,sjakt







Notat

Dato: 25.02.2019
Arkivsak: 2017/485-80
Saksbehandlar: mernord

Til: Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne

Frå: Fylkesrådmannen

Møtereferat frå møte i brukarmedverknadsgruppa - Bybanen Byggetrinn 4 Universell Utforming

Vedlagt sendes referat frå møte i brukarmedverknadsgruppa – Bybanen byggetrinn 4, Universell Utforming.

Sjå vedlagte referat frå møte den 11.06.2018, 17.12.2018 og den 14.01.2019.

Vedlegg:

- Referat frå møte den 11.06.2018
- Referat frå møte den 17.12.2018
- Referat frå møte den 14.01.2019.

BYBANEN BT4

SENTRUM – FYLLINGSDALEN



Møtereferat Universell Utforming – Brukergjennomgang

Møtenummer	Møteleder	Møtested
01	Karl-Magnus Eikeland	Sweco
Møtedato	Tid	Dato for neste møte
11.06.2018	1200-1500	27.08.2018
Referent	Referatdato	Godkjent av
Karl-Magnus Eikeland	06.07.2018	
Filnavn	D01_000_ref_LArk_180214 Fagmøte landskap - møte 02_00001	

Deltakere	Ingrid Haukeland Sølvi Myrseth Stina Karlsson Matthias Viktorsson Heine Oen Karl-Magnus Eikeland	Bybanen Utbygging AS Bybanen Utbygging AS Sweco/Smedsvig Rådet for mennesker med nedsatt funksjonsevne - HFK Rådet for mennesker med nedsatt funksjonsevne - HFK Sweco
Kopi til	Harald Ingolf Norheim Ivar Johan Gubberud Merethe Nordnaes	Rådet for mennesker med nedsatt funksjonsevne - HFK Bybanen AS Hordaland Fylkeskommune

Pkt.	Beskrivelse	Ansvar	Frist
1	Generelle tema		
1.1	Møtets formål er å presentere utearealene omkring holdeplassene, med spesielt fokus på hvordan ulike grupper kan bevege seg i området.	INFO	
1.2	Vedlagt presentasjon med agenda og generell informasjon ble vist. Hvilke premisser og føringer ligger til grunn for universell utforming i prosjektet, utover lover, forskrifter og håndbøker.	INFO	
1.3	Følgende generelle tema ble tatt opp og diskutert. <ul style="list-style-type: none"> - Talebeskjed i vogner med informasjon likt display i vogn <ul style="list-style-type: none"> o Tas opp med Skyss/Bybanen AS av BU - Rømningsmuligheter i tunneller, spesielt Løvstakktunellen. - Bedre markering av glass på leskurene på holdeplass. <ul style="list-style-type: none"> o Vurderes av Sweco og BU i tilhørende entrepriser - Lydsignal ved kryssinger skal ikke utbygges jfr vedtak av HFK. 	Sweco/ BU/ Rådet	27.08.18
	Førerhunder reagerer på spesifikk måte på varselslinjer. Situasjon med holdeplass uten øvrig møblering eller annet (som Kaigaten) kan skape uallne situasjoner. Rådet melder tilbake hva et godt kompromiss er her.	Rådet	27.08.18
2	Holdeplasser		
2.1	Stina Karlsson fra Smedsvig presenterte planene for Fløen holdeplass. Terrenget er krevende, med store høydeforskjeller. Fra Møllendalsveien og til holdeplassen er det 15 meter, og avstandene blir store ved universell utforming. Det ble vist utsnitt fra modell og plantegning. Det ble diskutert lang vei for trillende fra Møllendalsveien til holdeplass. Trapper og rampe med varme ble spesielt utpekt. Det er satt av plass til heis for senere utbygging.	INFO	
2.2	Stina presenterte planene for Kronstad holdeplass. Terrenget er mindre krevende, men det er fortsatt høydeforskjeller på opptil 7 meter. Det er flere måter å komme opp og ned fra Linje 1 (eksisterende holdeplass) til Linje 2 (ny holdeplass). Trapper og rampe med varme ble spesielt utpekt. Det er satt av plass til heis for senere utbygging.	INFO	
2.3	På begge holdeplasser, er det nært til sykkelveger. Spesielt på Kronstad er det nært til hovedsykkelveg til Bergen Sentrum. Det er ønskelig med en begrenset fart og høynet oppmerksomhet hos syklisten ved holdeplassene.	INFO	
2.4	Krysninger ved holdeplasser over banespor markeres med endring i dekke fra tilstøtende dekke i bane, slik markeres krysningene.	INFO	
3	Videre arbeid		
3.1	Haukeland og Kristianborg holdeplasser er tema på neste møte mandag 27.08. Presentasjon avholdt på første møte kan benyttes som «mal» da den var ok å følge.		
4	Revidert etter møte 02		



Pkt.	Beskrivelse	Ansvar	Frist
4.1	Rådet er ikke fornøyd med at det ikke blir bygget heiser på Fløen og Kronstad i denne utbyggingen, men at det utsettes på ubestemt tid.		



Møtereferat Universell Utforming – Brukergjennomgang

Møtenummer	Møteleder	Møtested
03	Karl-Magnus Eikeland	Sweco
Møtedato	Tid	Dato for neste møte
14.01.2019	1200-1400	21.01.2019
Referent	Referatdato	Godkjent av
Karl-Magnus Eikeland	6.2.2018	Ingrid Haukeland
Filnavn	D01_000_ref_LArk_HFK UU-forum_00003.docx	

Deltakere	Ingrid Haukeland Vibeke Lokøy Matthias Viktorsson Øyvind Karlsen Harald Ingolf Norheim Karl-Magnus Eikeland Ivar Johan Gubberud	Bybanen Utbygging AS Sweco Rådet for mennesker med nedsatt funksjonsevne - HFK Rådet for mennesker med nedsatt funksjonsevne - HFK Rådet for mennesker med nedsatt funksjonsevne - HFK Sweco Bybanen AS
-----------	---	---

Kopi til	Merethe Nordnæs Sølvi Myrseth Heine Oen	Hordaland Fylkeskommune Bybanen Utbygging AS Rådet for mennesker med nedsatt funksjonsevne - HFK
----------	---	--

Pkt.	Beskrivelse	Ansvar	Frist
1	Generelle tema		
	Øyvind Karlsen stilte som stedfortreder for Heine Oen		
2	Holdeplass Fyllingsdalen		
	<p>Fyllingsdalen holdeplass ble presentert av Vibeke Lokøy. Presentasjon er vedlagt referatet. Kommentarer under presentasjonen:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Lyssignal i kryssing av Hjalmar Brantings veg, hvor er det lyssignal? • Det er en viss lengde fra Kiss&Ride i Hjalmar Brantings vei til både kollektivterminal og Bybaneholdeplass. Vareleveringsvegen er ment å benyttes også av gående/rullende. Tilgjengeligheten til området blir påvirket av at parkeringsplassene for store HC-biler er fjernet i reguleringsfasen. • Hvordan skal varelevering skiltes? Blir det mulig for biler med HC merke å kjøre inn? • Modellen viser systemskifte i gang/sykkel krysning av Hjalmar Brantingsveg, dette er ugunstig. Skiftet bør komme i god tid før eller etter krysning. • Gangkrysning av sykkelveg ved kollektivterminal. Godt nok markert? • Er krysningene endret ved endeholdeplass BT4 i forhold til BT1 (Byparken?). Det er i hovedsak ikke endret, samme system. Sikrer gjenkjennelse og like driftsforutsetninger. • Det var ingen kommentarer på selve hovedutformingen av prosjektert løsning 		
3	Holdeplass Lungegårdskaien		
	<p>Holdeplass Lungegårdskaien ble presentert av Karl-M Eikeland. Området er prosjektert av Sweco Nederland. Presentasjon er vedlagt. Kommentarer under presentasjonen:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Er krysning mot busstasjonen signalert? Den er lang og det er mange store kjøretøy med store dødvinkler. En stor fordel for UU om den var det. Sweco må se om begrunnelsen for evt. ikke signal er vurdert opp mot UU. • Krysning av Lungegårdskaien (gaten) fra Bybaneholdeplassen må vurderes med intensiv lys. • Sykkel er, som så mange steder, en utfordring også på Lungegårdskaien. • Løsningen er ikke optimal for UU, særlig med tanke på støy og lett leselige ruter fra og til ulike målpunkt. Premissene på stedet er samtidig slik at en optimal løsning ikke finnes. 		
4	Generell diskusjon		
	<p>Skille mellom linje 1 og 2. Nonneseter er stopp for begge. Svaksynte vil få store problemer med å skille vognene fra hverandre, for blinde verre. App for høytlesning av sanntidsinfo er mye brukt. Bybanen AS og Bybanen utbygging må vurdere hvilke tiltak som må gjøres.</p>		
5	Videre arbeid		



Pkt.	Beskrivelse	Ansvar	Frist
	Sweco vurderer: Gang/sykkelkrysning av Hjalmar Brantings veg Signalering av Lungegårdskaien	Fase 11	Sweco
	Bybanen vurderer: Skille mellom Linje 1 og 2 på holdeplass og/eller vogner		Bybanen
	HC-parkering i Fyllingsdalen – Sweco sjekker med/varsler Bergen kommune		Sweco



Møtereferat Universell Utforming – Brukergjennomgang

Møtenummer	Møteleder	Møtested
02	Karl-Magnus Eikeland	Sweco
Møtedato	Tid	Dato for neste møte
17.12.2018	1200-1400	14.01.2019
Referent	Referatdato	Godkjent av
Karl-Magnus Eikeland	06.07.2018	
Filnavn	D01_000_ref_LArk_HFK UU-forum_00002.docx	

Deltakere	Ingrid Haukeland Sølvi Myrseth Vibeke Jorn Myran Lars Cohen Matthias Viktorsson Heine Oen Harald Ingolf Norheim Karl-Magnus Eikeland	Bybanen Utbygging AS Bybanen Utbygging AS Sweco 3RW Rådet for mennesker med nedsatt funksjonsevne - HFK Rådet for mennesker med nedsatt funksjonsevne - HFK Rådet for mennesker med nedsatt funksjonsevne - HFK Sweco
-----------	---	--

Kopi til	Ivar Johan Gubberud Joachim Jonassen Merethe Nordnæs	Bybanen AS Sweco/entreprisansvarlig Haukeland holdeplass Hordaland Fylkeskommune
----------	--	--

Pkt.	Beskrivelse	Ansvar	Frist
1	Generelle tema		
	Kronstad og Møllendal ble gjennomgått av Karl-Magnus F Eikeland for Harald Ingolf Norheim i forkant av felles møte. Dette for å at alle representanter i møtet skulle være oppdatert	INFO	
	Kommentar på referat fra forrige møte ble gitt. Referatet rettes og sendes på nytt. Referat sendes også til Merete Nornes i HFK for informasjon	INFO	
2	Holdeplass Haukeland		
	Presentasjon av uteområde Sør og Nord ble holdt av Vibeke Myran, powerpoint er vedlagt referatet. Kommentarer: <ul style="list-style-type: none"> • Løsning overgang inne/ute må tenkes gjennom. • Retningsgivende informasjon, hvor er/skal brukeren 	INFO	
	Presentasjon av innendørs Haukeland ble holdt av Lars Cohen, powerpoint er vedlagt referatet. Kommentarer: <ul style="list-style-type: none"> • Glatthet/friksjon i dekke innenfor utgangsdører. • Lyse dekker er bedre for svaksynte. • Varselfelt foran rulletrapp, sikre forståelse hos alle. • Akustikk i sjakt jobbet mye med. • Stemmestyrte alarm. Hvordan vil alarm være for døve, hvordan gi informasjon til ikke-hørende? • Heis fra bunn til topp, være klar • Farge valg i sone 5 virker å være bra. • Ledelinjer, må koordineres inne og ute. Viktig med gjennkjenbarhet, også fra andre holdeplasser for øvrig. Hvordan vil ledelinjer synes på valgte gulv? • Skilting viktig. Best lesbarhet ved hvitt eller gult på svart bunn. • Hvordan finne riktig vei opp fra plattform. Merking blir veldig viktig. Stemmeinformasjon på holdeplass? 		
	Hovedmomenter Sweco/3RW må jobbe videre med: <ul style="list-style-type: none"> • Retningsgivende informasjon. Ledelinjer, retningsinfo på plattform, hvor skal brukeren ut av plattform/holdeplass. • Varsling og evakuering – hvordan varsle alle? • Kontraster i materialer tilpasset funksjon. <p>Sweco/3RW arbeider videre med disse tema, med koordinering i entreprisemøter mot BU. I fjerde og siste møte avklares videre involvering av UU-forum</p>	3RW/Sweco	Fase 8
	Møtet inneholdt og en generell diskusjon om å unngå diskriminering, særlig med tanke på hvordan gi informasjon.		
3	Generell diskusjon		
	Teleslynger i banevogn for å kunne gi flere tilgang til muntlig informasjon gitt av fører i vogner er det et reelt behov for. Prosjekteringen av Bybanen Utbygging/Sweco går ikke inn på vogner, og BU ber derfor rådet om å ta dette opp med korrekte instanser i Fylkeskommunen.		



Pkt.	Beskrivelse	Ansvar	Frist
4	Videre arbeid		
	Sweco og 3RW jobber videre med utformingen av holdeplassen og i dialog med BU vurderer eventuelle tiltak/endringer, se punkt 2.	3RW/Sweco	Fase 8



PS 13/19 Ymse



Arkivnr: 2017/485-78
Saksbehandlar: Merethe Helland Nordnæs

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne	14/19	20.03.2019

Temadag RMNF 2019 den 18. mars 2019 - evaluering

Samandrag

Temadag for RMNF 2019 vert heldt den 18. mars på hotell Scandic Ørnen. Dei kommunale råda i Hordaland er inviterte, samt medlemmer og varamedlemer i RMNF. Ein representant for SAFO og ein representant for FFO har og blitt invitert samt Rådet for funksjonshemma i Sogn og Fjordane.

Rådet vil no, på dette første møtet etter temadagen, evaluere Temadagen 2019. Kva gjekk bra ? Kva gjekk mindre bra ? Kva kan rådet gjera betre ? Kva er inntrykket etter konferansen ?

Økonomi: Økonomien for møteverksenda er innarbeid i budsjetta.

Klima: Inga effekt.

Folkehelse: Inga effekt.

Regional planstrategi: Inga effekt.

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan tilråding.

Bertil Søfteland
leiar fylkessekretariatet

Merethe Helland Nordnæs
jurist/rådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.



Arkivnr: 2017/485-79
Saksbehandlar: Merethe Helland Nordnæs

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne	15/19	20.03.2019

Ad. Landskonferansen 2019 - fylkeskommunale råd for likestilling av mennesker med nedsatt funksjonsevne

Samandrag

Landskonferanse 2019 for fylkeskommunale råd for likestilling av mennesker med nedsatt funksjonsevne vert arrangert av Trøndelag fylkeskommune.

Tid: 25.-26. september 2019

Stad: Clarion hotell og Congress, Trondheim

Konferansen startar: 25. september 2019 kl. 10.00 og vert avslutta 26. september 2019 kl. 13.00.

Rådet for likestilling av mennesker med nedsett funksjonsevne i Trøndelag ønsker innspel til tema for årets konferanse. Innspel kan sendast til: monkar@trondelagfylke.no

Informasjon om påmelding og program for konferansen vert ettersendt av Trøndelag fylkeskommune.

Forslag til innspel vil bli fremma i møte for RMNF den 20.03.2019.

Økonomi: Midlar til møteverksemnda er innarbeid i budsjettet for 2019.

Klima: Inga effekt.

Folkehelse: Inga effekt.

Regional planstrategi: Inga effekt.

Forslag til vedtak


Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vil fremme forslag til innspel i møtet.

Bertil Søfteland
leiar fylkessekretariatet

Merethe Helland Nordnæs
jurist/rådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Sjå vedlegg.



Fylkeskommunale råd for likestilling av mennesker med nedsatt funksjonsevne.

Vår dato: 21.01.2019

Vår referanse: 201900013-1

Vår saksbehandler:

Deres dato:

Deres referanse:

Monica Karset

Landskonferanse 2019 - fylkeskommunale råd for likestilling av mennesker med nedsatt funksjonsevne

Landskonferanse 2019 for fylkeskommunale råd for likestilling av mennesker med nedsatt funksjonsevne arrangeres:

Tid: 25.-26. september 2019

Sted: Clarion hotell og Congress, Trondheim

Konferansen starter:

25. september 2019 kl. 10.00 og avsluttes 26. september 2019 kl. 13.00.

Innspill/ønsker til tema for årets konferanse kan sendes til: monkar@trondelagfylke.no

Rådet for likestilling av mennesker med nedsatt funksjonsevne i Trøndelag oppfordrer dere til allerede nå å begynne å tenke på hvem som kan ta arrangementet i 2020.

Informasjon om påmelding og program for konferansen vil bli ettersendt.

Med vennlig hilsen

Carl Sitter Geving

leder for Rådet for likestilling av mennesker med nedsatt funksjonsevne i Trøndelag.

Dette dokumentet er elektronisk godkjent



Arkivnr: 2017/485-81

Saksbehandlar: Merethe Helland Nordnæs

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne	16/19	20.03.2019

Ad. oppnemning av vararepresentantar til brukarmedverknadsgruppa for Bybanen, Byggetrinn 4 - oppnemning av to nye vararepresentantar

Samandrag

Det vert vist til PS sak 36/18 til møte i RMNF den 31.10.2018. RMNF inviterte til eit dialogmøte den 22.08.2017. Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne (RMNF) har mottok ein bestilling frå Bybanen Utbygging, der RMNF vart beden om å ta initiativ til å opprette ei brukarmedverknadsgruppa/referansegruppe. Brukarmedverknadsgruppa vart oppretta i møte den 23.10.2017. Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne har mottatt spørsmål frå Bybanen Utbygging hausten 2018 om det kan oppnemnast vararepresentantar. Det var sett fram ynskje om ein vararepresentant for kvar av dei tre oppnemnde i gruppa.

I møte i RMNF den 31.10.2018 i PS sak 36/18 vart det oppnemnd vararepresentantar. Den som er oppnemnd som vararepresentant for medlem nr. 3 Matthias Viktorsson, har meldt frå om at han ikkje lenger ønskjer å vere vararepresentant. Ein annan person frå same brukarorganisasjon har meldt seg og ønskjer å ta over dette vervet. Ho er i dag vara for medlem nr. 4, Lian Ching Lech. Det må difor også veljast eit nytt varamedlem for både for medlem nr. 3 og nr. 4.

Det må veljast nye varamedlemmer for medlem nr. 3 og medlem nr. 4.

Økonomi: Bybanen utbygging dekker kostnadene for brukarmedverknadsgruppa.

Klima: Inga effekt.

Folkehelse: Inga effekt.

Regional planstrategi: Inga effekt.

Forslag til vedtak

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vil foreslå følgjande nye vararepresentantar til brukarmedverknadsgruppa, Bybanen Byggetrinn 4, for medlem nr. 3 og medlem nr. 4:

1. For medlem nr. 3, Matthias Viktorsson (Kommunalt Råd Bergen/FFO):
2. For medlem nr. 4, Lian Ching Lech (safo/Handikapforbundet):

Bertil Søfteland
leiar fylkessekretariatet

Merethe Helland Nordnæs
rådgjevar/jurist

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.